

Årsmelding

2001-2002



Omslag og utforming: Erik Bolstad

På framsida

Frå *Anna Karenina* på Det norske teatret

Foto: Espen Tollefsen, DNT

Martha Norheim, litteraturkritikar i NRK P2

Foto: Ole Kaland, NRK

Aasen-tunet i Ørsta. Foto: Aasentunet

Merket til *Norsk Ordbok*. Teikning: Samlaget

Åse Marie Nesse, forfattar. Foto: Samlaget

Merket til operativsystemet *Linux*

Utsnitt av Aasen-litografien til Ludvig Eikaas

Frå *3 og to saman* på Det norske teatret. Foto: DNT

Utsnitt av landsmøteheftet til Noregs Mållag 2002

Hulda Garborg. Foto: Asker museum

Arne Garborg. Foto: Asker museum

Elias Blix. Teikning: Ukjend

Mobiltelefon. Foto: Nokia

Frå *Pinocchio* på Det norske teatret. Foto: Erik Berg, DNT

Stortinget. Foto: Erik Bolstad

5-krone. Foto: Noregs Bank



Innhold

Føreord	4	Offentleg målpolitikk og målbruk	20	Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde	30
Leiar	5	Stortingsval og regjeringsskifte	20	Heiderslagsmedlemer	30
Innleiing	7	Ny mållovsmelding	20	Styret og arbeidsutvalet	30
Målpolitiske arbeidsfelt	10	Statlege helseføretak	21	Landsrådet	30
Nynorsk oppvekst	10	Luftfartsverket, NSB og Posten	21	Valnemnda	30
Barnekultur	10	Siger for nynorsk i Telemark	22	Skrivarstova	31
Røystingar om skulemålet	10	Språkkommisjon	22	Nemnder og utval	31
Parallellklassar	11	Talemål og skriftmål	23	Reiseverksemda	33
Språkblanda klassar	11	Normering	23	Økonomi	35
Læremiddel	11	Talemål	23	Rekneskap for 2001	35
Sidemål	13	Stadnamn	23	Økonomiarbeidet	36
Lærarutdanning og norskfag	14	Internasjonalt arbeid	24	Kommentarar til rekneskapen	36
«Norsk» som akademisk språk	15	Samskipnaden	25	Balanse	38
Informasjonsteknologi og media	15	Lag og medlemer	25	Fondet for norsk målreising	40
Nynorsk programvare	15	Medlemstal	25	Inga og Gjøa Lutros legat	42
Språkkrav til programvarekjøp	15	Vervearbeidet	25	Kulturlotteriet 2001	42
Mediepolitikk	16	Lokallag og fylkeslag	25	Nærskylde tiltak	44
Presse	16	Organisasjonssatsinga	26	Vedlegg og statistikkar	48
Kringkasting	16	Studiearbeidet	26	Nynorsk skulemål 1930-2001	48
Næringsliv	17	Landsmøtet 2001	27	Skulemålet i alle fylka 1999-2001	49
Bankvesenet	17	100-årsjubileet	27	Nynorske parallellklassar	50
Kulturpolitikk	17	Informasjons- og mediearbeid	27	Skulemålsrøystingar 1965-2002	51
Kulturbudsjettet for 2002	17	Pressearbeid	28	Lag og medlemstal	58
Målreising 2006	18	Pressearbeidet på landsmøtet	29	Lokallag i Norsk Målungdom	64
Nynorsk leksikon	18	Pressearbeid knytt til valkampen	29	LNK-medlemer 2001	65
Prisar	18	Norsk Tidend	29	Nynorskaviser	66
Garborg-året 2001	19	Nytt om nynorsk	29		
Kulturarbeid i lokallaga	19	Heimesidene til Noregs Mållag	29		
		Nyhendesida www.nyhende.no	29		

Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for arbeidsåret 2001/2002 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 15. juni 2001 til 15. mars 2002. Dei siste vekene fram til landmøtet vert oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolk. Etter vedtak på landsmøtet i Bergen i 2000, er landsmøtet i 2002 i april. Dette arbeidsåret har difor vore berre 9 månader og det arbeidet som er gjort i perioden er difor òg noko mindre omfangsrikt enn normalt.

Landsmøtet 2001 vedtok nytt treårig arbeidsprogram for perioden 2001–2004. Årsmeldinga følgjer kvart år oppbygginga i arbeidsprogrammet, og ein vil difor sjå at rekkjefølgja på arbeidsfelta kan vera noko endra frå tidlegare år.

Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller det er teke initiativ til frå styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar likevel noko av det arbeidet lokal- og fylkeslag gjer og også tilskipingar og særskilte hendingar som nærskylde

organisasjonar har stått for, der dette har vore særleg viktig som erstatningar eller supplement til arbeidet sentralt. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yta rettferd til det store arbeidet som vert lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danna grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg fyller årsmeldinga ein viktig funksjon som Noregs Mållags rapport om arbeidet til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar, og årsmeldinga har i alle år vore den mest utfyllande årlege rapporten om norsk målstrid og målreising som vert utgjeven. Styret har difor lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interessant for lesarar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

Årsmeldinga er tilgjengeleg i elektronisk versjon på nettsidene til Noregs Mållag – www.nm.no.

Oslo, 15. mars 2002

Oddmund Løkensgard Hoel (leiar) Ingeborg Mjør (nestleiar)
Rutt Trøite Lorentzen Astrid Marie Nistad
Håvard Teigen Steinulf Tungesvik Ragnhild Ås
Gro Morken Endresen (dagleg leiar)



Styret og dei daglege leiarane i Noregs Mållag på landsmøtet på Bryne. Frå venstre: Ragnhild Ås, Rutt Trøite Lorentzen, Steinulf Tungesvik, Hege Myklebust, Oddmund Hoel, Gro Morken Endresen og Ingeborg Mjør.

Foto: Hege Lothe

Leiar


Alt under landsmøtet på Bryne kunne me slå fast at Garborg-året 2001 var eit svært vellukka tiltak. Oppsummeringa etter at året er slutt, stadfester at markeringa av Garborgjubiléet vart den suksessen som alle vona på, men kanskje ikkje alle trudde på: 520 tilstellingar over heile landet, eit publikum på i overkant av 1,2 millionar (radio- og fjernsynssendingar medrekna) og 25 000 selde Garborg-bøker er imponerende tal som gjer at det knapt kan finnast nordmenn som ikkje fekk med seg at det var eit Garborg-år i fjor.

Markeringar som Garborg-året er ikkje berre triveleg og god marknadsføring av nynorsken, dei er også nyttige: Dei er til stor kveik og minner oss om det breie kulturelle grunnfjellet som nynorsken står på. Det er knapt mogleg å tenkja seg at eit jubileum for ein bokmålsforfattar skal kunna få det same omfanget, iallfall ikkje utan langt større statlege overføringar. Garborg-året vart ein suksess fordi garborgane har ei rørsle i ryggen – dei vert identifiserte med og elska for noko langt meir enn forfatterskapane sine.

Eit anna stort ljospunkt i arbeidsåret var at storsatsinga ”Norsk Ordbok 2014” vart sett ut i livet i statsbudsjettet, i tråd med lovnadene som Stortinget kom med i førehavinga av arkiv-, bibliotek- og museumsmeldinga våren 2001. Det største norske ordboksverket nokon gong, og flaggskipet i nynorsk skriftkultur skal fullførast innan grunnlovsjubileet med ein prislapp på kring 80 mill kr og opp mot 30 medarbeidarar. Ordboka er viktig i seg sjølv, og prosjektet er òg viktig både ut frå den framskuven det gjev for nynorsk språkteknologi og det lingvistiske fagmiljøet som vil verta bygt opp. I 80-åra fekk målrørsla reist nybygget til Det Norske Teatret, i 90-åra Ivar Aasen-tunet og det neste tiåret Norsk Ordbok. Neste prosjekt i den nynorske institusjonsbygginga er alt under planlegging: Eit nynorsk leksikon, som Samlaget og Nynorsk kultursentrum har teke initiativet til i forlenginga av det mykje omtala arbeidet med ”den nasjonale kunnskapsbasen”.

Noregs Mållag si oppgåve i dette biletet har vore og vil framleis vera å stå i spissen for det språkpolitiske grunnlagsarbeidet og aller viktigast: byggja ut grunnfjellet til målrørsla. Styrken til nynorsk skriftkultur i det heile står og fell langt på veg med den evna den organiserte målrørsla med Noregs Mållag i fremste rekkje har til å rekruttera medlemmer og aktivistar i tusental og byggja ut dei formelle og uformelle nettverka me treng i den mindretalsposisjonen me alltid har vore i. Det krev ein organisatorisk innsats for å få gamle og nye lag i gang, og det krev ein ideologisk og politisk innsats for å rusta opp argumentasjonen og skapa den kveiken som alltid må vera den viktigaste drivkrafta i ein friviljug og fattig samskipnad.

Styrkinga av organisasjonen har difor vore høgt prioritert dei siste åra, og det siste arbeidsåret har styret fyrst og fremst brukt til å få på føtene den organisasjonssatsinga landsmøtet i



Oddmund Hoel er leiar i Noregs Mållag.

Foto: Hege Lothe

2001 gav den endelege godkjenninga til. Det er ein tankekross at medlemstalet gjekk ned frå 2000 til 2001, i stor grad fordi det ikkje vart gjennomført ein større vervekkampanje i fyrste halvår 2001. Det illustrerer berre kor viktig det er å halda trykket oppe på dette arbeidsfeltet – me får lite gratis, trass i Garborg-år, sidemålsstrid og andre gode og dårlege hendingar som skapar liv og røre kring nynorsken. Men samstundes ligg det ei viktig innsikt og inspirasjon i at Noregs Mållag faktisk har halde seg på eit nokolunde stabilt medlemstal sidan midt i 90-åra, i motsetnad til dei fleste liknande organisasjonar som det jamt har gått nedover med. Det gjev grunn til optimisme.

Det har vore stortingsval og regjeringsskifte sidan landsmøtet, og skepsisen vår til Høgre ser heldigvis ut til å vera gjord til skamme. Med god hjelp frå kollega Valgerd Svarstad Haugland parkerte utdanningsminister Kristin Clemet i haust den årelange sidemålsstriden då ho støtta forgjengar Trond Giske sitt avslag på søknadene om forsøk med ”valfritt” sidemål. Samstundes saknar me det synlege engasjementet som Giske og medarbeidarane hans hadde når det galdt nynorske dataprogram i skulen, så Clemet har framleis ein del å ta att. Kulturminister Valgerd Svarstad Haugland har derimot drege snittet i regjeringa kraftig opp, særleg ved å leggja fram ei mållovsmelding i desember der det vert lagt stor og truverdig vekt på å fremja

målbruken i staten. Toppkarakter vert det likevel ikkje før ho og regjeringa greier å ta skikkeleg tak i dei to største utfordringane som ligg på bordet: målbruken i dei fristilte statsføretaka som i dag er eller trur dei er utanfor mållova, og innkjøpsreglar som sikrar at staten brukar forbrukarmakta si til å stimulera utviklinga av nynorske dataprogram. Ein kan få vondt både i magen og andre stader av å sjå kor seint eit departement er i stand til å arbeida med saker som det i ti år har vore brei politisk semje om. All røynsle seier oss at det ikkje er nokon grunn for målrørsla til å gje seg før alt er på plass, og vel så det.

Ei av dei største utfordringane våre er framleis at språk og språkpolitikk står langt nede på lista over saker som opptek politikarar, media og ålmenta. Kan henda vil det tvinga seg fram eit sterkare språkleg medvit i Noreg fordi bokmålet no kjem under stadig sterkare press frå engelsk. Både Stortinget og fleire kulturministrar har slege fast at språk må stå sentralt i den neste kulturmeldinga, som rett nok stadig blir utsett, og Norsk språkråd vedtok i februar å be regjeringa setja ned ein ny språkkommisjon for å leggja eit grunnlag for ein meir offensiv språkpolitikk. Dette er heilt i tråd med kravet til Noregs Mållag om ei ”språkleg maktutgreiing”, og det er eit framifrå tiltak. Den klare føresetnaden er at det vert ein kommisjon som tek føre seg langsiktige tiltak og ikkje seinkar arbeidet som alt er i gang på fleire konkrete måljamstillingssaker, som verkeområdet for mållova og programvare – der er det no berre er gjennomføringa som vantar. ”Målreising 2006” er eit viktig tiltak frå Noregs Mållag sjølv for å gjera måls spørsmålet til ei viktigare sak, og her er det skapt eit godt grunnlag og viktige nettverk når prosjektet no går inn i den andre fasen.

I arbeidsåret har det som tidlegare vist seg at Noregs Mållag og målrørsla vinn og får gjennomslag i dei fleste små og store enkeltsakene me engasjerer oss i, iallfall etter noko tid. Samstundes er det tydeleg at ein del ålmenne utviklingsdrag ikkje tener oss og andre mindretalsovringar i samfunnet. Det er særleg synleg i offentleg sektor der den nyliberalistiske ideologien og retorikken har fått eit solid fotfeste og har resultert i fristilling og delprivatisering av statsorgan. Den kampen me då må ta, dreier seg om å sikra målbruken i føretaka så godt som mogleg, helst ved ei endring av mållova, medan me står makteslause overfor dei straumdraga som skapar slike situasjonar.

For målrørsla er det lite anna å gjera enn det me har gjort i 100 år alt, nemleg å freista tilpassa oss den nye situasjonen og gjera det beste ut av stoda. Den siste som har vist at det er mogleg å ha kommersiell suksess på nynorsk er Arne Brimi, og



Oddmund Hoel og Steinulf Tunesvik på lobbytur på Stortinget.

Foto: Hege Lothe

målrørsla har framleis altfor mykje ugjort når det gjeld å sjå dei gode marknadspoenga i å bruka nynorsk. Det gjeld både i nynorskområda der folk helst vil møta sitt eige mål, også i reklame, og det gjeld i bokmålsområda der det så langt har vore minimal vilje til å bruka nynorsken for å skapa merksemd, skilja seg ut og utnytta alle dei verdfulle assosiasjonane nynorsken skapar om det rotekte og heilnorske.

Å utnytta dei straumdraga som kan utnyttast, står ikkje i motstrid til å stå fast på ein viktig del av grunnlaget vårt: Me er ein del av ei brei folkedaningsrørsla som alltid har halde fram folkeopplysning, kollektive løysingar, (kulturelt) samfunnsansvar og verdien av tradisjonar i arbeidet for å fremja nynorsken.

Her burde vilkåra for å skapa gode alliansar vera betre enn på lenge. Den språklege og kulturelle koloniseringa frå Nord-Amerika vekker sterkare motreaksjonar enn nokon gong, og i Noreg er det fyrst og fremst nynorsken og målrørsla som står for motstandskrafta og kunnskapen om korleis språkkamp skal førast. I den internasjonale antiglobaliseringsrørsla er det ei rad organiserte vener av språkleg og kulturelt mangfald, og i internasjonale organisasjonar som Europarådet og UNESCO er det eit aukande medvit om desse spørsmåla. For styret har det vore viktig å knyta den norske målrørsla sterkare til eit slikt internasjonalt perspektiv, og her ligg ikkje mindre enn spirene til ei sterk revitalisering av norsk målreising.

Jostedalen, 15. mars 2002
Oddmund Løken Gard Hoel
leiar

Innleiing

Det nye treårige arbeidsprogrammet som vart vedteke sumaren 2001, gjorde ikkje store omprioriteringar i arbeidsoppgåvene til Noregs Mållag. Styret har i arbeidsbolken difor vidareført og vidareutvikla arbeid med dei same sakene som har vore prioriterte før. Arbeidsåret har òg vore mykje prega av arbeid retta mot sentrale politiske miljø, mellom anna på grunn av stortingsvalet, regjeringsskiftet og at det har kome fleire stortingsmeldingar som har vore viktige for målrørsla. I tillegg har det vore høgt prioritert av styret å få sett i verk organisasjonssatsinga.

Gode tilbod til dei minste

Ei lita dreining har det vore i at barnekultur har fått mykje fokus heilt ned til dei yngste borna som går i barnehagar. Denne satsinga heng mykje saman med det flotte arbeidet Stiftinga Pirion har gjort med kulturavisa Pirion og utvikling av eit kursopplegg som særskilt rettar seg mot barnehagetilsette og førskulelærarar, og med Det Norske Samlaget si skiping av Blåmann Barnebokklubb. Mange av lokallaga våre har samarbeidd godt med desse nærskyldte tiltaka, og Noregs Mållag har støtta opp om samarbeidet etter beste evne.

Stilt på skulemålsfronten

Det har berre vore to røystingar om skulemålet i perioden. Det var heller ikkje venta mange røystingar, då mange av skulekrinsane der det har vore strid, hadde røysting i førre treårsperioden. Røystingane i perioden var ved Haukås skule i Fræna og Nordvik skule i Fana utanfor Bergen. Både stadene var det

bokmålsfolket som kravde røysting, og diverre tapte nynorsken klårt. Frammøteprosenten var svært låg ved både røystingane, noko som er urovekkjande. Ålmann røysterett vart innført att frå hausten 2000, mellom anna etter sterkt press frå Noregs Mållag, og eit av dei sentrale argumenta våre har vore at skulemålet er ei sak som gjeld alle innbyggjarane i lokalsamfunnet. Målrørsla må då òg arbeida for at fleirtalet skal interessera seg for kva opplæringsmål ungene har i skulen. Her er det mykje å ta tak i når det gjeld å lyfta interessa for språkstriden opp på eit kollektivt nivå.

Hausten 2001 kom det i gang 14 nye parallellklassar ved bokmålsskular. Gledeleg er det at det for fyrste gong vart nynorskklassar i Åndalsnes og ved Landås skule i Bergen. Som vanleg var Sandnes den kommunen med flest nye klassar.

Krise for nynorske læremiddel

Noregs Mållag og Norsk Målungdom gjekk i haust saman om å laga ein omfattande rapport for å oppsummera læremiddelsituasjonen for nynorskelevane. Hovudkonklusjonen er at ein står framfor ei større krise i parallellutgæveordninga der dei sentrale stikkorda er: stort økonomisk etterslep i tilskotsordninga, usynleggjing i offentlege styringsdokument og vantande rapportering og oversyn over bruken av midlane. Dette vil seia ei kraftig forverring av dagens situasjon, som er etter måten god.

Då Stortinget vedtok å fjerna godkjenningssordninga for læremiddel i 2000, forsvann òg den einaste sentrale kontrollmekanismen for å sjå til at læremidla faktisk vert utgjevne i



Foto: Hege Lothe

parallellutgåve. Ansvaret for handhevinga av parallellutgåveordninga ligg no på skuleeigarane, og Læringscenteret vedgår at det er uklårt kva ansvar styresmaktene no har på dette feltet. Denne ansvarspulveriseringa er òg ein viktig grunn til at ingen tek ansvar for den økonomiske krisa i tilskotsordninga.

Når det gjeld parallellutgåver av vanleg administrativ programvare, som er dei mest brukte programma i undervisningssamanheng, har Læringscenteret rådd til ei forskriftsendring som gjer at slike program òg fell inn under parallellutgåvekravet. Dette har no lege i ro i Utdanningsdepartementet sidan juni 2001. Det ligg alt føre fullgode alternativ for Linux til bokmålsprogramma til Microsoft, så alt i dag vil eit parallellutgåvekrav til programvare kunna setjast ut i livet.

Nye åtak på sidemålsordninga

Både Oslo kommune og Vestfold fylkeskommune sende våren 2001 søknader til KUF om forsøk med fritak for skriftleg sidemålsundervisning. Utdanningsminister Trond Giske sa nei til søknadene like før regjeringsskiftet i oktober, slik han tidlegare hadde varsla i Stortinget. Utdanningsminister Kristin Clemet har stadfest at Bondevik-regjeringa har det same synet som Ap-regjeringa, både på sidemålssaka generelt og på dei konkrete søknadene.

Departementet har likevel opna for at det skal verta lettare å få godkjent lokale forsøk, og Laksevåg vgs har fått godkjent søknad om å få halda sidemålsseksamen til jol for avgangselevane. Unge Høgre har satsa stort på kampanjar mot sidemålet, og har teke opp saka i fylkesting og kommunestyre mange stader i landet. Det er avgjerande at Noregs Mållag og fagmiljøa kjem på bana og får sett i gang eigne forsøk som legg vinn på å utvikla god sidemålsundervisning. Det viktigaste tiltaket i perioden var sidemålskonferansen som Nynorsk kultursentrum skipa til i Ørsta i februar.

Krav om betre lærarutdanning

Noregs Mållag sende i januar 2002 høyringsmerknader til eit høyringsnotat frå Utdanningsdepartementet om lærarutdanninga. Merknadene fokuserte på at nynorsken bør styrkjast på alle nivå innan lærarutdanninga, heilt frå førskulelærarutdanninga. Noregs Mållag går òg inn for at alle ålmennlærarar uavhengig av kva nivå dei skal undervisa på, må ha minst ei årseining i norsk. Det vart elles peika på den negative situasjonen rundt sidemålsordninga. Vurderinga til målrørsla er at sidemålet treng auka legitimitet og motivasjon, og lærarutdanninga må ta inn over seg at det trengst utviklingsarbeid på dette feltet.

Inga avklaring for administrativ programvare

Det viktigaste som har hendt på IT-fronten i arbeidsåret, er at nynorske Linux-program har fått eit skikkeleg oppsving. Prosjekta «Nynorsk inn i IKT-opplæringa» (Rogaland) og Skulelinux har kome i gang i arbeidsåret med Noregs Mållag si støtte. Dei er svært viktige for få teke i bruk dei nynorske Linux-

programma og dermed gjera dei til sterkare konkurrentar til Microsoft sine bokmålsprogram.

Noregs Mållag har lenge arbeidd for å få staten til å stilla krav til IT-leverandørane om at dei må levera program både i nynorsk- og bokmålsversjon ved offentlege innkjøp. Det har òg vorte kravd at vanleg programvare skal underleggjast det same parallellutgåvekravet i opplæringslova som andre læremiddel. I mållovsmeldinga i desember 2001 avgrensa Kulturdepartementet seg til å peika på problemstillingane og gjera det klart at spørsmåla vil verta tekne opp i kulturmeldinga i 2003. Dette var svært skuffande sidan departementet tidlegare hadde vist til den komande mållovsmeldinga når dei har fått spørsmål om saka. Noregs Mållag har no gått inn for å få med ein slik regel i mållova, etter at det våren 2001 viste seg svært vanskeleg å få det med i forskriftene til lov om offentlege anskaffelser.

Stortingsmelding om mediepolitikk

I samarbeid med Kringkastingsringen og Mediemållaget sende Noregs Mållag ein grundig høyringsmerknad til mediemeldinga i februar 2002. Det mest graverande ved meldinga er at ho ikkje nemner eller problematiserer den norske språksituasjonen i det heile. Av konkrete saker har det viktigaste for målrørsla vore å få inn eit eige tilskot under pressestøtta til dei avisene som opnar for både nynorsk og bokmål på redaksjonell plass. Kampen for å ta vare på den desentraliserte strukturen i NRK har òg vore viktig både i samband med mediemeldinga og elles.

«Kampen for språket» – viktig bokutgjeving

Noregs Mållag kom i haust endeleg på marknaden med boka «Kampen for språket» (Samlaget) som drøftar nynorsk i ljøs av samfunnsendingane, noko etter leisten frå Målreising 1967. Eit frittstående forskarnettverk har levert artiklane til boka, som vart redigert av Håvard Teigen (styret) og Elisabeth Bakke. Boka ser på fleire viktige utviklingsdrag i tida, og er svært nyttig og inspirerande lesestoff for den som vil vera med i ordskifta om språk- og samfunnsutvikling. Boka er eit fyrste innspel i eit større arbeid med å få sett nynorsken på dagsorden i forskingsmiljø, politiske miljø og ålmenta i eit vidare perspektiv enn det som har vore tilfelle dei seinare åra.



Kulturarbeid

Arbeidsåret har vore prega av at 2001 var Garborg-året, der både Hulda og Arne Garborg har vore lyfte fram og feira. Mange av lokallaga våre har hatt flotte Garborg-tilskipingar, og også landsmøtet på Bryne hadde Garborg som ein raud tråd gjennom det kulturelle programmet. Målrørsla har teke del i arbeidet med å lyfta fram ein av dei mest sentrale personane både med forfattarskapen sin og som viktig aktør innan språkpolitikken den gongen. Å få fram dei nynorske klassikarane er ein viktig del av folkeopplysninga mellom bokmålsbrukarar så vel som nynorskbrukarar.

I juni 2001 vart det lyst ut anbodstevling om «nasjonal kunnskapsbase» eit internettbasert leksikon. Samlaget og Nynorsk kultursentrum var sentrale aktørar, men statsråd Kristin Clemet avviste alle tilboda i haust. Noregs Mållag hadde saman andre delar av målrørsla likevel gjort eit viktig grunnlagsarbeid med å krevja at dersom det vert brukt statlege midlar på ein slik kunnskapsbase, skal det stillast krav til måljamstilling. Dette vart stadfesta av Stortinget i januar, og det vil vera vanskeleg å koma bort frå måljamstillingskravet seinare.

Offentleg målbruk

Regjeringa la i desember fram stortingsmeldinga om målbruk i offentleg teneste. Noregs Mållag ha sagt seg godt nøgd både med Stortingsmeldinga og førehavinga i Stortinget i mars, men har likevel kritisert særleg regjeringa for at det har vore altfor lite framgang når det gjeld innkjøpskrav for programvare og utviding av verkeområdet for mållova. Det siste har i arbeidsåret vorte kraftig aktualisert med den statlege overtakinga av sjukehusa og stortingsvedtaket i desember om at Posten, NSB og Luftfartsverket skal omdannast til aksjeselskap.

Nynorsk-noreg fekk seg ei overrasking då Helse Midt-Noreg i haust ville døypa om sjukehusa i Møre og Romsdal til sykehus. Mange einskildpersonar og Noregs Mållag sentralt har arbeidd mykje med å få slege fast at mållova også skal gjelda dei nye statlege helseføretaka. Kultur- og kyrkjedepartementet slo i februar fast i brev til Helsedepartementet og Stortinget at KKD vurderer det slik at mållova gjeld for helseføretaka.

Fylkestinget i Telemark vedtok i desember at administrasjonsmålet i fylkeskommunen framleis skal vera nynorsk. Dermed vart det sett sluttstrek for ein drakamp som hadde vara i mange månader, der det i lange periodar såg stygt ut for nynorsken. Dette var ein viktig siger for målrørsla, som kom etter ein sterk innsats frå Telemark Mållag, lokallaga i fylket og Noregs Mållag sentralt.

Organisasjonssatsing

Det er mange unytta ressursar i Noregs Mållag, og vi må finna måtar å få fleire medlemmer meir aktivt med i målarbeidet på. Ei



Innleiarar på haustseminaret. Frå venstre: Øyvind Østerud, Sylfest Lomheim, Oddmund Hoel og Andreas Hompland.



Gro Morken Endresen er dagleg leiar i Noregs Mållag.

Foto: Hege Lothe

av dei viktige utfordringane har vore å få med fleire unge vaksne til å driva lagsarbeidet, og det vart mellom anna sendt ut brev til svært mange medlemmer i alderen 25–40 år med særskilt invitasjon til haustseminaret. Det kasta ikkje så mykje av seg, men då må ein finna andre innfallsvinklar til å nå denne målgruppa. Det vil med kvart verta eit større og større problem for organisasjonen om denne aldersgruppa skal mangla i så stort mon som ho gjer i dag.

Organisasjonssatsinga er sett ut i livet ved at det i arbeidsåret er tilsett to reiseskrivarar for Noregs Mållag som har til hovudoppgåve å auka aktiviteten og medlemstalet. Dette vil vera den viktigaste organisatoriske styrkinga på mange år, og me ventar oss mykje att for prioriteringa. Satsinga kjem som eit svar på at mange fylkes- og lokallag har problem med å få folk til tillitsverv og å driva målpolitisk arbeid på alle dei felta der det trengst ein innsats. Reiseskrivarane skal vera omreisande «idebankar» og hjelpa til med å starta opp prosjekt og rekruttera fleire aktive målfolk. Ein annan viktig målsetnad er å gje folk ein god «skule» i lagsdrift, slik at dei kjenner seg best mogleg rusta til å ta på seg verv. Vestlandskrivaren starta opp i midten av mars, medan skrivaren for resten av landet fyrst tek til i i august.

Mange lokallag har lenge vore på leit etter arbeidsoppgåver som høver for dei. Noregs Mållag sentralt har kanskje ikkje til alle tider bydd fram eit tilstrekkeleg stort mangfald av oppgåver å gripa fatt i. Den nye satsinga med barnekultur har opna nye arbeidsfelt for mange, og gjort at fleire lag har hatt aksjonar og engasjert seg i spørsmålet. Noregs Mållag er svært glad for å ha funne eit arbeidsfelt som har fenga så store delar av organisasjonen, for når det kjem til stykket vert fengande oppgåver ein suksess og lite engasjerande oppgåver ein større eller mindre fiasko.

Målpolitiske arbeidsfelt

Nynorsk oppvekst

Arbeidsåret har vore merkt av sterk satsing på barnekultur, få skulemålsrøystingar, parallellklassearbeid på det jamne og mykje uro om sidemålet. I tillegg har læremiddelarbeidet teke mykje tid. Verknadene av at godkjenningsordninga vart fjerna i 2000 har no teke til å visa seg ved at ingen tek ansvar for den økonomiske krisa i parallellutgåveordninga og for læremiddel som kjem utan parallellutgåver.

I samband med stortingsvalet i september vart «skule» ei hovudsak; i vår samanheng var det fyrst og fremst obligatorisk sidemålsundervisning og lærarutdanninga som vart sentrale spørsmål. Noregs Mållag utnytta valkampen og freista verta del av han gjennom ein landsfemnande kampanje «Røyst nynorsk!» der me mellom anna la fram oversyn over korleis partia hadde stelt seg i siste stortingsperiode i sentrale målsaker som ålmenn røysterett i skulemålsrøystingar, sidemål, læremiddel og programvare.

Det var svært god kontakt med den politiske leiinga i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet fram til regjeringskiftet. Den nye politiske leiinga har på langt nær vist den same interessa for våre saker, men det var svært viktig at utdanningsminister Kristin Clemet sa eit klårt nei til forsøk med valfritt sidemål i november.

Skulemålsprosenten i 2001 var 14,9, og har tilliks med dei siste åra falle noko frå året før. Talet på nynorskelevar er høgare enn i 2000, men talet på bokmålslevar aukar langt raskare og fører såleis til ei negativ utvikling i prosenten.

Barnekultur

Dette arbeidet har vore styrkt siste arbeidsbolken, i hovudsak gjennom samarbeid med dei nokså nyskipa og viktige tiltaka for born og unge: Stiftinga Pirion og Blåmann Barnebokklubb.

Kulturavisa *Pirion* har i mars 2002 nær 700 tingarar, og har kome med fem utgåver til no. Tingartalet er kraftig auka frå året før, men potensialet er truleg langt større, t.d. ved eit samarbeid mellom Stiftinga Pirion og lokallaga om blesting og verving. Mange lokallag har tinga abonnement til barnehagar, og mange har også teke på seg å betala dette utover det første året. Lokallagsinnsatsen har vore ein svært viktig ressurs når det gjeld spreia av *Pirion*. Stiftinga Pirion gjev ut avisa medan LNK har ansvar for å marknadsføre *Pirion*-kursa. I årsmeldingsbolken har det vore halde seks *Pirion*-kurs og seks *Pirion*-føredrag. Ofte har lokallag teke initiativ til at kommunen skipar til kurs, og lag har samarbeidd med kommunen om kurs (t.d. Stord, Luster og Gjemnes). Strand Mållag heldt sjølv kurs. *Pirion*-føredraget har også vore brukt på større regionale samlingar for rektorar og barnehagestyrarar, som lekk i kvalitetsutviklingsprosessar (Sandnes, Nordfjord og Sunnfjord).



Foto: Hege Lothe

Pirion-perspektiva ser ut til å svara på eit behov i kommunane i og med den nye *kvalitetsreforma* for barnehagesektoren, i tillegg til satsinga på *Den kulturelle skulesekken*, der fleire kommunar inkluderer barnehagane (t.d. Kvinnherad).

Hausten 2001 starta Det Norske Samlaget den nynorske Blåmann Barnebokklubb etter at Stortinget løyvde eit oppstartstilskot på statsbudsjettet for 2001. Om lag 50 lokallag har gjort ein innsats for Blåmann. M.a. er det spreidd fleire tusen flygeblad om bokklubben. Per i dag har Blåmann om lag 1 500 tingarar, og potensialet for fleire tingarar er enormt. Det vert ei viktig oppgåve for heile organisasjonen å blesta Blåmann, og skaffa fleire tingarar. Gjennom Blåmann Barnebokklubb har me høve til å hjelpa til å spreia nynorsk litteratur til ei viktig målgruppe, og me kan byggja alliansar med miljø langt utanfor målrørsla.

Røystingar om skulemålet

Det har vore to røystingar om skulemålet i perioden. Den eine var ei røysting i Fræna på Haukås skule: Dette var ein nynorsk-skule som i mange år har hatt eit tolleg stort fleirtal av bokmålslevar. Utgangspunktet var einfelddt; 33 elevar skulle byrja på skulen august 2001 — av desse valde foreldra til 27 bokmål som opplæringsmål for borna. Då var det mindre enn ti att i klassen med det opphavlege opplæringsmålet, slik lova krev, og dermed tok foreldra opptak til røysting for å sleppa at borna deira skulle verta tvinga til å gå i nynorskklasser. Resultatet av røystinga vart eit kraftig nederlag for nynorsk; 221 røysta for bokmål og 101 for nynorsk. Frammøteprosenten var på 18.

Før røystringa skreiv målfolk og andre lesarbrev i lokalavisa, flygeblad vart spreidde og NRK Møre og Romsdal dekte saka i radio og fjernsyn.

Den andre røystringa galdt Nordvik skule i Fana, Bergen. Det var røystring på denne skulen i 1985 og 1989. Båe gongene vann nynorsken, men etter siste røystringa «oppheva» Bergen skolestyre vedtaket og let foreldra velja bokmål for dei som ynskte det. I førre skuleåret var det to av om lag 55 elevar som hadde nynorsk som opplæringsmål, på ein nynorskskule. Administrasjonen i Bergen kommune oppdaga dette mistilhøvet mellom røysteresultat i 1989 og faktisk opplæringsmål, og vedtok difor å lysa ut røystring. Det var *ikkje* krav frå korkje foreldre eller andre røysteføre i krinsen.

Målfolket organiserte dørvitjing til heile krinsen i samarbeid med nynorskvener frå krinsen. Det var lite ordskifte i lokalpressa føreåt. Resultatet vart ein kraftig siger for bokmål (78% av røystene). Frammøteprosenten var 26.

Røynsleane frå røystringa i Fræna viser at me ikkje kan kalla ein skule ein *sikker* nynorskskule etter ein siger i ei røystring. Snarare er stoda på skular som Haukås eit godt døme på at me må arbeida *som om* dei var bokmålsskular. Det vil seia argumentera andsynes foreldra til nye elevar kvart einaste år, nett som me gjer i arbeidet for å starta nynorskklassar på bokmålsskular. I røystringa i Fræna kom det fram at så vel elevane som foreldra tykte frænadialekten heilt klårt låg nærast nynorsk. Like fullt la mange vinn på at det finst svært lite nynorsk *utanfor* skulen, og at dette gjorde nynorskelevane ustøe i målbruken og skipla ei mogleg målkjensle.

Ei svært viktig røynsle frå båe røystringane er fram møteprosenten. Då me vann attende den ålmenne røysteretten var det eit avgjerande argument at ei skulemålrøystring er eit kollektivt kulturpolitisk spørsmål som gjeld alle i krinsen. Dersom fram møtet ved slike røystringar held fram med å vera så lågt, kan dette undergrava den ålmenne røysteretten i framtida. Det kjem klårt fram i arbeidet før røystringa at dei som ikkje har ungar i skulen sjeldan er interesserte eller opptekne av spørsmålet. Ergo har me ikkje lukkast i å lyfta måls spørsmålet opp på eit kollektivt nivå — og me er avhengige av å greia dette skal me vinna røystringane og evna mobilisera for å ta att nynorskrinsen.

I arbeidsprogrammet heiter det at me i perioden skal førebu offensive røystringar. Det har vore drøft moglege røystringar på Nordmøre i samarbeid med lokal- og fylkeslag. Trass i at dei ytre vilkåra snautt har vore betre på mange tiår, og trass i at tida er overmogen for offensive røystringar, er det mest ingen fylkes- eller lokallag som har dette arbeidet i arbeidsplanen sin. Det er sær viktig å arbeida fram offensive røystringar, og røystringa på Sviland skule i fjor viser at det *er* mogleg å vinna.

Parallellklassar

Hausten 2001 kom det etter det Noregs Mållag kjenner til, i gang 14 nye nynorskklassar på bokmålsskular. Som vanleg var Sandnes den kommunen med flest nye klassar (4), medan ingen byar nord for Dovre fekk nye klassar. For fyrste gong vart det skipa nynorskklassa i Åndalsnes, og i Bergen starta det ein nynorskklassa på Landås skule for fyrste gong.

Jamvel om det vert skipa nokre få nye nynorskklassar kvart år i dei større byane, er dette alt for lite til at det skal visast på statistikkane, og den viktigaste funksjonen til desse klassane er å få til eit nynorsktilbod og visa fram at nynorsk også kan brukast i byane. Det vert drive mykje godt parallellklassearbeid fleire stader, men trass i dette er «val av opplæringsmål» framleis eit ikkje-spørsmål for dei fleste foreldre. Dette kjem dels av organiseringa av arbeidet, men vel så viktig er at korkje lokallaga eller sentrallekken har evna å gjera måls spørsmålet viktig nok for dei det gjeld. I fleire byar er stoda i lokallaga slik at det skal mykje til for å få ein auke dersom ikkje laga vert sterkare. Difor er *lagsbygginga* ein avgjerande føresetnad for ein stor auke i parallellklassearbeidet over tid.

Språkblanda klassar

På Kleppe skule i Klepp har nynorsk- og bokmåselevar gått i same klasse på fyrste klassesteget. Ordninga er eit forsøk, godkjent av Utdanningsdepartementet, der elevane får stetta kravet om opplæring i sitt eige hovudmål. Det er framleis for tidleg å vurdere forsøket. Både skulen og departementet har hatt som føresetnad for forsøket at det ikkje skal skipla retten foreldre har til å skipa parallellklassar med anna opplæringsmål enn det som er vedteke. Det er like fullt naudsynt å vera på vakt i framtida mot at kommunar prøver å slå ihop klassar med ulikt opplæringsmål for å spare pengar.

Læremiddel

Etter skulereformene i 1990-åra har tilbodet av nynorske lærebøker vore godt, og parallellutgæveordninga har stort sett fungert etter intensjonen i opplæringslova og i tråd med ynska til målrørsla. Dette er i ferd med å endra seg. I 2000 vart godkjenningsordninga for lærebøker fjerna, og dermed forsvann den einaste sentrale ordninga som såg til at lærebøkene faktisk kom i parallellutgæver. I arbeidsåret har verknadene av dette byrja å syna seg, i fyrste rekkje gjennom ei ansvarspulverisering når det gjeld å møte den læremiddelkrisa som er på veg.

I 2001 byrja ei større økonomisk krise i parallellutgæveordninga å verta synleg. Læremiddelproduksjonen som vart sett i gang i samband med skulereformene i 90-åra, førte til fleire søknader frå forlaga enn det var dekning for i læremiddel-

Skulemålrøystringar 2001-2002

Dato	Krins	Kommune	Røysteføre	Frammøte	Nynorsk	Bokmål	Vedtak
01.10.01	Haukås	Fræna	1781	322 (18%)	101 (31%)	221 (69%)	Bokmål
23.10.01	Nordvik	Bergen	322	83 (26%)	18 (22%)	65 (78%)	Bokmål

tilskotet over statsbudsjettet. Dette skapte eit etterslep i tilskotsordninga både for basisutgåver (lærebøker for små fag) og parallellutgåver (i praksis nynorskutgåvene). Den siste utlysinga til nye læremiddelprosjekt (basis- og parallellutgåver) var hausten 1999, og løyvingane for 2000 og 2001 har heilt og fullt gått til å betala på etterslepet. Løyvinga for 2001 var på 18,7 mill kr (basis og parallell), og etterslepet var ved utgangen av året framleis på 40 mill kr.

Dei vantande tilskota til nye prosjekt gjorde at det i 2001 kom åtte lærebøker utan parallellutgåver, fleire av dei til den nye studieretninga media og kommunikasjon. Dette er urovekjande, men lærebokdekninga viste seg jamt over å vera så god at Noregs Mållag ikkje såg nokon grunn til å gjennomføra ein tradisjonell «svartelisteaksjon» i samband med skulestarten 2001.

Parallellutgåveordninga har gått gjennom ei dramatisk usynleggjering i statsbudsjettet dei seinare åra. Frå å vera ein eigen post på statsbudsjettet for 1994 har tilskotet til parallellutgåver vorte slege saman med stadig større sekkepostar for læremiddeltilskot samstundes som det ikkje lenger vert rapportert kor stor del av tilskotet som går til den lovfesta parallellutgåveordninga og kor mykje som går til andre føremål. I statsbudsjettet for 2002 førekjem ikkje ordet »parallellutgåve» i det heile. Læringscenteret og Utdannings- og forskingsdepartementet er heller ikkje i stand til å fortelja kor mykje av dei løyvde tilskota eller etterslepet som gjeld dei ulike føremåla, men Noregs Mållag har dokumentert at det aller meste av etterslepet sannsynlegvis gjeld basisutgåver, ikkje parallellutgåver. Det siste året det finst offisielle tal for er 1998, og då gjekk berre 14% av det samla læremiddeltilskotet til parallellutgåver. Det vil seia at nynorskbokeane har vorte skadelidande fordi læremiddelpolitikken generelt har vore ute av kontroll.

I november 2001 dokumenterte Noregs Mållag og Norsk Målunddom problema på læremiddelfeltet i rapporten »Stoda for nynorske læremiddel». Han vart overlevert til leiaren av utdanningskomiteen på Stortinget i samband med førehavinga av statsbudsjettet for 2002. Noregs Mållag og NMU gjekk saman med ni andre organisasjonar, mellom anna Lærarforbundet, Norsk Lærarlag, Elevorganisasjonen og ei rad ungdomsparti, om denne framstøyten. Krava var at parallellutgåvetilskotet, som før, vert skilt ut som ein eigen post på statsbudsjettet, at Stortinget løyver det som trengst for at det skal verta lyst ut friske midlar, og at staten syter for å informera skulane om kva læremiddel som oppfyller parallellutgåvekravet og dermed er lovlege. Stortinget slutta seg til framlegget frå regjeringa om å føra løyvinga vidare på 2001-nivå, men slo fast i ein budsjettmerknad at utgjevinga av parallellutgåver må sikrast. Dette har Utdannings- og forskingsdepartementet presisert i tildelingsbrevet til Læringscenteret for 2002, men UFD har korkje fylgt opp dette med pengar eller føringar om korleis problemet skal løysast, så Læringscenteret vil ikkje lysa ut friske midlar til læremiddeltilskot før dei får tilført meir pengar. Det fyrste høvet er revidert nasjonalbudsjett i mai/juni.

Det har vinteren 2002 kome signal om at forlag ikkje vil gje ut nynorske parallellutgåver før det er friske midlar å søkja på. Det går såleis mot full krise i parallellutgåveordninga alt i år, og læremiddelarbeidet det siste året har så langt ikkje greidd å løysa hovudproblemet, som er at forlaga ikkje har midlar å søkja på til nye parallellutgåver. Saka vil såleis krevja ein stor innsats og mykje merksemd frå målrørsla våren og hausten 2002 for å hindra at heile ordninga havarerer.

Det ser ut til å vera enklare enn før å få tak i dei nynorskbokeane som faktisk finst, og det har ikkje kome inn mange meldingar om slike problem. Nettbokhandlane har gjort elev-



Nynorskklassen på Landås skule i Bergen hausten 2001.

Foto: Hege Lothe

ane mindre avhengige av bruktbokmarknaden og av lokale bokhandlar som ikkje vil ta inn nynorskboke, og utlånsordninga har i det store og heile fungert bra for nynorskelevane. NMU fekk ved skulestart melding om to skular som ikkje ville kjøpa inn nynorskutgåver, men dette løyste seg raskt. Krava til parallellutgåver burde likevel vore presiserte overfor skulane i gjennomføringa av utlånsordninga.

Den veike satsinga på tradisjonelle lærebøker har hatt motsvart sitt i ei sterk satsing på digitale læremiddel der det både har vore romslege budsjettpostar og høgt politisk fokus. Den politiske leiinga i KUF sytte for å få inn omsynet til nynorske parallellversjonar i dei sentrale planane på feltet våren 2001 etter at målrørsla og Norsk språkråd hadde teke opp saka. Læringscenteret har fylgt opp dette i praksis ved å stilla krav om nynorske parallellversjonar av dei nettbaserte læremidla som er utvikla. Ei anna sak er at desse læremidla, td. i samfunnslære VK1, mest ikkje vert brukte i skulen.

Både politikk og realitetar på læremiddelfeltet har endra seg mykje dei siste åra, medan politikken for måljamstilling ikkje har endra seg tilsvarande. Måljamstillingskravet er framleis avgrensa til dei tradisjonelle læremidla (prenta og digitale) som er utvikla for skulebruk, medan ein stadig større del av lærestoffet vert henta frå andre kjelder der mesteparten av stoffet er på bokmål. Dette vil føra til eit dårlegare nynorsktilbod, og heile stoda kallar såleis på ein fullstendig gjennomgang av stoda for nynorske læremiddel.

Sidemål

Åtaka mot nynorsken, løynd bak argumentasjon om meir «valfridom» for skuleelevane, har auka mykje i arbeidsbolken. Våren 2001 sende Oslo kommune og Vestfold fylkeskommune søknader til KUF om å få gjera «forsøk» med fritak frå opplæring og evaluering i sidemål. Båe søknadene fekk avslag rett før regjeringsskiftet i oktober, og det var ei stund uvisst korleis den nye politiske leiinga ville stilla seg til nye søknader. Etter at kulturministeren og utdanningsministeren offentleg hadde signalisert heilt ulike syn på sidemålsspørsmålet og saka var drøfta i regjeringa, slo utdanningsminister Kristin Clemet i november fast at det ikkje vert forsøk med sidemålsfritak. Dermed er den sida av sidemålssaka truleg lagt daud så lenge denne regjeringa sit.

I stortingsinnstillinga om mållovsmeldinga i mars stadfeste alle parti unnateke Frp at «den obligatoriske sidemålsundervisninga i skulen er ein avgjerande føresetnad for å kunne handheve målbruksreglane innanfor statsforvaltninga.» Departementet har samstundes gjeve signal om det skal verta lettare å få positive svar på søknader om prosjekt, medrekna alternative undervisningsmetodar i sidemål - i skrivande stund har Laksevåg vgs fått positivt svar på søknad om eksamen i norsk sidemål til jol for avgangselevane. Dette opnar også for moglege gode prosjekt som styrker nynorskundervisninga. Styret har stilt seg grunnleggjande positiv til alle forsøk som kan gjera nynorskopplæringa for bokmålelevar betre og meir motiverande, og det kviler no eit ansvar på heile målrørsla for å driva fram og



NMU aksjonerte for nynorske læremiddel i Ålesund.

Foto: Hege Lothe

utvikla gode prosjekt. Leiinga i UFD har sagt klårt frå om at dei ikkje vil ta initiativ til slike sidemålsforsøk sjølv.

Noregs Mållag har teke initiativ til eit nærare samarbeid med teater som set opp stykke på nynorsk, for å få ei ny tilnærming til opplæringa i nynorsk som sidemål. Dette initiativet har så langt resultert i at det vert skipa eit lærarkurs i nynorsk som sidemål i Stavanger hausten 2002. Teaterverkstad og deltaking på ei Olav Duun-framsyning er ein del av kurset. Liknande kurs vil vonleg også koma i stand i Oslo.

I mange fylke har Unge Høgre drive reine kampanjar for å få nynorsken kasta ut av skulen, mellom anna i Buskerud. Til dess har nynorskmotstandarane tapt slike framstøytar, men i denne arbeidsperioden har dei fått fleirtal i fleire fylkesting og kommunestyre, mellom anna i Porsgrunn i desember. Det er klårt at sidemålsundervisninga, tilliks med mykje anna undervisning, har trong for forsøk og utprøving av ny metodikk og alternative undervisningsformer. Like fullt byggjer ikkje motstanden mot sidemål i skulen på pedagogiske problem; det er eit kulturpolitisk spørsmål som får pedagogiske fylgjer. Elevane vantar ikkje intellektuelle evner til å læra seg nynorsk - det er i all hovudsak nedervde negative haldningar som bægjer for inn-

læringa. Trass i at dei negative haldningane oftast vert uttrykte i nokså vulgære former, kjem me ikkje unna at elevane stiller spørsmål ved påtvinga opplæring i to svært like skriftmål. For elevane er denne stoda eit praktisk problem der nynorsk er det praktiske problemet. Det vert avgjerande for framtida åt sidemålet at målrørsla og skuleverket er i stand til å formidla ei kulturpolitisk grunngeving som batar lærelysta åt elevane.

15.-16. februar skipa Nynorsk kultursentrum ein nasjonal idekonferanse om korleis sidemålsundervisninga kan gjerast betre. Konferansen tok mellom anna opp den nynorske skriftkulturens plass i Noreg, nynorsk som sidemål i internasjonalt perspektiv, kven som treng kompetanse i skriftleg nynorsk, utdanningspolitiske perspektiv på sidemålsundervisninga, kunnskapar og karakterar, elevars haldningar og faglege motivasjon og etterutdanning av lærarar. Det vart mellom anna lagt fram gode døme på korleis sidemålsundervisninga kan gjennomførast i praksis. Det var også ein seminardel der ein kunne gå meir inn på undervisninga i ulike skuleslag. Seminaret samla om lag 40 lærarar og andre interesserte frå heile landet, og venteleg kan Noregs Mållag draga vekslar på og bruka dei nettverka innan lærarstanden som ynskjer arbeida for å betra undervisninga.

Lærarutdanning og norskfag

Mykje av motstanden mot obligatorisk sidemålsundervisning botnar i ukvalifiserte lærarar, og sameleis undergrev manglande kvalifikasjonar i nynorsk hjå lærarane nynorske parallellklassar på bokmålsskular. I dette skuleåret gjekk ein nynorskklasse i Trondheim inn mellom anna grunna mangel på kvalifiserte

lærarar. Noregs Mållag har halde tre kurs for over 100 lærarstudentar i Bodø i praktisk nynorsk, og me får jamleg førespurnader frå høgskular og andre institusjonar om kurs i nynorsk. Norskklærarane på lærarskulane fortel om manglande dugleik i nynorsk hjå studentane når dei kjem frå vidaregåande skule, og strykprosenten i nynorsk er svært høg på fleire lærarskular.

Utdanningsdepartementet har varsla at det skal koma ei stortingsmelding om lærarutdanninga våren 2002, og i november sende departementet ut eit høyringsnotat om organiseringa av utdanninga. Departementet ynskjer å differensiera lærarutdanninga slik at studentar som skal undervisa på ungdomssteg lyt ha lengre utdanning i visse kjernefag, mellom anna i norsk. Noregs Mållag la i si høyringsfråsegn til notatet særleg vinn på at det må vera eit vilkår at nyutdanna lærarar skal meistra nynorsk. Noregs Mållag stør departementet i at lærarutdanninga bør differensierast etter steg, slik at det blir éi grunnskulelærarutdanning retta inn mot 1.–7. klasse og éi mot 5.–10. klasse. Noregs Mållag har òg bede om at norsk må styrkjast som obligatorisk fag, til 10 vekttal i all førskulelærarutdanning, og at norskfaget må utvidast til obligatorisk årseining i lærarutdanninga.

Noregs Mållag har planlagt ein landsfemnande kampanje retta mot lærarane. Til dess har me, trass i at lærarane støtt vert omtala som den viktigaste alliansen vår, ikkje utnytta det potensialet som ligg i lærarstanden. Hausten 2002 skal det gjennomførast ein særskild kampanje for å sankta medlemmer til Lærarmållaget. Det skal vera eit mål i kampanjen å byggja sterkare alliansar og nettverk med lærarar over heile landet.




Foto: Hege Lothe

«Norsk» som akademisk språk

Regjeringa gjorde 15. mars framlegg om å sløyfa noverande §2.7 i universitets- og høgskulelova, den som seier at «undervisningsspråket er til vanlig norsk». Denne formuleringa vart i si tid teken inn i lova for å slå fast at høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar har eit viktig kulturpolitisk ansvar, mellom anna for å ta vare på og styrkja norsk språk. Formuleringa er også viktig i høve til det ansvaret universitet og høgskular har for å tilby norskspråkleg opplæring på høgaste nivå i utdanningssystemet. Noregs Mållag reagerte med ei skarp fråsegn då framlegget var ute til høyring hausten 2001.

Informasjonsteknologi og media

Nynorsk programvare

Arbeidet for nynorske dataprogram har vore høgt prioritert også dette arbeidsåret. Som tidlegare har Noregs Mållag både støtta opp om nynorsk programutvikling og arbeidd for reglar i skuleverket og offentleg forvaltning som kan vera med på å stimulera utviklinga av nynorskversjonar. Framstega i arbeidsåret har vore klårt størst innanfor programutvikling medan endringane i regelverket framleis sit langt inne.

Særleg viktig dette året har det vore å få fart på satsinga på nynorske Linux-program. Våren 2001 låg det føre nynorskversjonar av program for Linux-plattformar som teknisk er fullgode alternativ til Microsoft Windows og Office. Dette er gratisprogram med open kjeldekode, utvikla og omsette av idealistar og distribuerte på Internett. Utfordringa har vore å gjera programma så tilgjengelege at brukarar utan særlege datakunnskapar kan ta dei i bruk.

To prosjekt har her vore særleg viktige. Høle barne- og ungdomsskule (Sandnes) har lenge brukt Linux-program og tok skuleåret 2000-2001 i bruk nynorskversjonane. På landsmøtet i 2001 fekk rektor Bj. Hugo Hanssen Målblomen frå Noregs Mållag for dette arbeidet. Skulen har utvida Linux-satsinga ved å få med seg tre andre Rogalands-skular på fireårsprosjektet «Nynorsk inn i IKT-opplæringa» der føremålet er å få teke nynorske Linux-program i bruk i skulekvardagen og byggja opp kompetansemiljø. Noregs Mållag sit i kontaktgruppa for prosjektet, saman med mellom anna Norsk språkråd og Læringscenteret. Det andre prosjektet er Skulelinux, som kom i gang sommaren 2001 og har utspring i Linux-miljøet i Oslo. Føremålet er å gje alle norske skular fri programvare på bokmål og nynorsk og så langt som råd samisk. Mykje på grunn av Noregs Mållag fekk Skulelinux kr 200.000 til eit forprosjekt og NIO kr 500.000 til drift av sitt prosjekt i 2001-2002 frå KUF rett før Ap-regjeringa gjekk av i oktober. Dei to prosjekta samarbeider nært og har fått mykje merksemd i media. Noregs Mållag si rolle har vore å opna dører til media og sentrale politiske og administrative miljø, og arbeidet har gjeve Noregs Mållag eit godt omdøme i IT-miljø som tidlegare ikkje har vore opptekne av nynorsk.

Satsinga på Linux er mellom anna eit utslag av at Microsoft framleis er avvisande til å utvikla nynorskversjonar av sine



program. Det har vore noko kontakt mellom Norsk språkråd og Microsoft for å få utvikla autokorrektur på nynorsk. Elles har lite skjedd, men alle signal tyder på at Microsoft likar nynorsktevlina frå Linux dårleg.

Språkkrav til programvarekjøp i skule og forvaltning

Også i denne perioden har det vore arbeidd mykje for at administrative dataprogram (kontorstøtteprogram) skal bli omfatta av parallellutgåvekravet. Det mellombels unntaket vart slege fast i forskriftene til opplæringslova frå juni 1999. I januar 2001 sytte den politiske leiinga i KUF endeleg for å be Læringscenteret greia ut saka. Rapporten frå Læringscenteret låg føre 18.6.2001 og gav full støtte til målrørsla ved å rå til at det vart stilt krav om nynorskversjonar av tekstbehandlingsprogram frå 1.8.2002 og for annan administrativ programvare (rekneark, databaseverktøy og presentasjonsverktøy) frå 1.8.2003. Under NMU sin læremiddeldemonstrasjon i Ålesund 29.8. lova utdanningsminister Trond Giske å gjennomføra dette, men fekk ikkje gjort meir før regjeringa gjekk av. Ap-regjeringa fekk likevel mykje ros frå Noregs Mållag for å ha lyft denne saka eit monaleg steg framover i 2001.

Både Noregs Mållag og i nokon mon Norsk språkråd har seinare fylgt opp saka ved fleire høve, men korkje embetsverket eller den nye politiske leiinga har vist det minste interesse for å få gjort noko med saka. Her er det såleis berre hardt politisk press gjennom Stortinget og andre kanalar som kan føra fram.

Norsk språkråd overleverte i juni 2001 den endelege versjonen av »Handlingsplan for norsk språk og IKT» til kulturminister Ellen Horn. Planen inneheld gode målsetjingar og tiltak, mellom anna når det gjeld å få staten til å stilla måljamstillingskrav ved innkjøp av programvare, som lenge har vore målrørsla sitt hovudkrav til staten på IT-feltet. Kravet frå Noregs Mållag har vore å få inn innkjøpskravet i mållova etter at Nærings- og handelsdepartementet våren 2001 nekta å ta det med i forskriftene til lov om offentlige anskaffelser. I arbeidsåret har det skjedd lite. Norsk språkråd har så langt ikkje fylgt opp denne delen av IT-satsinga si i særleg grad.

Kulturdepartementet har sidan juni 2001 lova å fylgja opp saka i mållovsmeldinga, men då ho kom i desember 2001, avgrensa Kulturdepartementet seg enno ein gong til å peika på problemstillingane. I innstillinga om meldinga lukkast det ikkje å få Stortinget til å påskunda arbeidet, så lovnaden er no at saka skal takast opp i kulturmeldinga i 2003 der ho slett ikkje høyrer heime. Kulturkomiteen på Stortinget streka i mars 2002 enno ein gong under at dette er ei viktig sak og slutta seg til dei måla som er nedfelte i handlingsplanen utan at dette så langt er fylgt opp med meir handfaste vedtak.

Mediepolitikk

Saman med Kringkastingsringen og Mediemållaget fekk styret hausten 2001 laga ein mediepolitisk strategi for målrørsla som slo fast at dei viktigaste utfordringane for målrørsla er å:

- finna opning for nynorsk på redaksjonell plass i riksmedia og NTB
- betra rammevilkåra for nynorskpressa, særleg ved auke i pressestøtta
- auka nynorskprosenten i NRK
- stilla språkpolitiske konsesjonskrav til private radio- og fjernsynskanalar

Styret peika ut pressestøtta som det viktigaste arbeidsfeltet denne arbeidsperioden. Pressestøtta generelt var under debatt i stortingsvalkampen, og i tillegg la Kulturdepartementet den 28. september 2001 fram Stortingsmelding nr. 57 *I ytringsfrihetens tjeneste. Mål og virkemidler i mediepolitikk*.

Den mediepolitiske strategien var forma som merknader til mediemeldinga. Dokumentet vart først diskutert på eit seminar med tittelen *Pressestøtta som språkpolitisk verkemiddel* på Haustseminaret i november. På grunnlag av denne prosessen laga dei tre organisasjonane ein sams høyringsmerknad til mediemeldinga som vart sendt til Stortinget sist i januar 2002.

Eit hovudpunkt i høyringsmerknaden var at «det må slåast fast som eit sjølvstendig mål for mediepolitikken at ein skal stø opp under nynorsk som mediespråk, ut ifrå at nynorsken har særlege utfordringar som norsk mindretalsmål.» Organisasjonane fekk ikkje møta ein samla kulturkomite om mediemeldinga, men det har vore god kontakt med Løvebakken Mållag i denne saka. Mediemeldinga skal opp i Stortinget i april.

Styret har samarbeidd nært med dei organisasjonane innanfor målrørsla som har spesiell kompetanse på mediepolitikk og har hatt stor nytte av den kunnskapen desse organisasjonane har. På styremøtet i oktober møtte representantar frå både Kringkastingsringen og Mediemållaget for å diskutera nynorsk pressestrategi både i forhold til statsbudsjettet og mediemeldinga.

Presse

Tidleg i arbeidsperioden slo styret fast at det viktigaste temaet å arbeida med innanfor mediepolitikken var pressestøtta, og dette stod sentralt i høyringsmerknaden til mediemeldinga.



Hovudpunkta var:

- aviser redigerte på nynorsk utgjer ein svært viktig del av den samla nynorske tekstproduksjonen, og pressestøtta er truleg den viktigaste støtteordninga for nynorsk skriftkultur. Det bør difor gjevast eit eige tilskot til riksaviser som opnar for både nynorsk og bokmål på redaksjonell plass.
- minimumstilskotet for pressestøtta til lokalaviser bør aukast til kr 400 000.

Vi har fått mykje nytt tilfang for sal i 2001, mellom anna paraplyar.

Det siste kravet er det same kravet som Landslaget for lokalaviser har fremja. I arbeidet med statsbudsjettet og mediemeldinga var Noregs Mållag svært medvitne om å prioritera Dag og Tid, Nynorsk pressekontor, lokalavisene og dei meningsberande riksavisene. Særleg lokalavisene utgjer ein grunnstamme i den nynorske pressa og i nynorsk skriftkultur i det heile, noko Nynorsk kultursentrum òg la svært stor vekt på hausten 2001. For nynorskbrukarar i nynorskområda er det avgjerande at lokalavisene har rammevilkår som gjer det mogleg å halda oppe utgjevingsfrekvensen og utvikla seg vidare.

Oversynet bak i årsmeldinga syner at dei 67 nynorskavisene utgjer over 30% av dei 200 norske avisene. Då er det ikkje rekna med riks- og regionaviser som brukar noko nynorsk. I opplagstal utgjer nynorskavisene ein langt mindre del av det norske totalopplaget, særleg fordi dei største riksavisene framleis har forbod mot nynorsk på redaksjonell plass. Der er det ingen positive tendensar å spora i arbeidsåret.

Kringkasting

I høyringsmerknaden til mediemeldinga la Noregs Mållag, Kringkastingsringen og Mediemållaget hovudvekt på desse politiske sakene retta inn mot kringkastinga:

- NRKs krav om minst 25 prosent nynorsk må vera retningsgjevande i konsesjonstekstane for dei andre ålmenkringkastarane, og det må gjelda både verbalendingar og teksting.
- den desentraliserte strukturen til NRK er svært viktig for det språklege og kulturelle mangfaldet i kringkastinga og må haldast oppe. Ei eventuell omstrukturering i NRK må ikkje gå ut over distrikta som allereie i utgangspunktet har langt dårlegare radio- og fjernsynstilbod enn byområda.

Våren 2001 hadde Distrikts- og nyhendedivisjonen (NYDI) i NRK eit utval i arbeid for å sjå på distriktsstrukturen. Dette såkalla identitetsutvalet konkluderte med at talet på distriktskontor burde reduserast frå 17 til 10 og at NRK burde satsa meir på storbyane. Rapporten vart offentleg kjend seint på hausten då NRK-styret vart nøydd til å kutta 100 mill kr i budsjettet for 2002, og i desember vart distriktskontora i Oppland og Hedmark og Nord- og Sør-Trøndelag slegne saman, slik identitetsutvalet hadde gjort framlegg om. Noregs Mållag og Kringkastingsringen reagerte skarpt på dette med pressemeldinga «Nynorskminister godtek undergraving av nynorsk i NRK». Målrørsla er ålment redd ei svekking av distriktsprofilen og ei styrking av Oslo-dominansen i NRK. For nynorsken vil det vera særleg ille om framlegget om å slå saman NRK Sogn og Fjordane med NRK Hordaland vert gjennomført.

Noregs Mållag, Mediemållaget og Kringkastingsringen tok opp desse problemstillingane i møte med kringkastingsjef John G. Bernander og direktør for NRK Kringkasting, Hans Tore Bjerkaas i mars. Prosessen med å skjera ned på distriktskontora er bremsa noko opp, men lagnaden til dagens DK skal etter planen avgjerast sumaren 2002. Saka har vore oppe i Stortinget, men der er det fleirtal for å gje NRK-styret frie hender på dette feltet òg. Den politiske mobiliseringa for distriktskontora har så langt vore skuffande.

Næringsliv

Nynorsk i næringslivet har vore høgt prioritert i arbeidsprogrammet dei siste åra, utan at Noregs Mållag har lukkast i å driva ei systematisk satsing på dette feltet. I sannkjenninga av at me ikkje har kapasitet til å driva fullgod satsing på dette arbeidsfeltet, inngjekk me ein avtale med PR- og informasjonsbyrået Konsensus i oktober 2001, som i korte trekk går ut på at dei skal prøva å få økonomisk støtte frå eksterne partar til å driva ulike prosjekt for å få utvalde bedrifter og næringar til å bruka meir nynorsk. Arbeidet er framleis i startgropa, og Erling Bø frå Konsensus deltok på landsrådsmøtet i januar for å vera med på ei ideutveksling om emnet. Det er ikkje sett ned eit næringslivsutval i Noregs Mållag, og dette er mindre aktuelt no.

Mange einskildmedlemer og fylkeslag har vore engasjerte i konkrete saker som gjeld næringslivet. Særskilt er Hordaland Mållag eit godt føredøme. Dei har mellom anna laga rutinar for å senda ei triveleg helsing til alle føretak som nyttar nynorsk i fylket.

Bankvesenet

Som venta vedtok generalforsamlinga i Fokus Bank (= direktøren i Den danske Bank) 21. juni å stryka målparagrafen i vedtektene til Fokus Bank. Fokus har vore tospråkleg sidan Vestlandsbanken gjekk inn i Fokus i 1987, og Vestlandsbanken hadde då vore ein nynorskbank sidan skipinga i 1926. Fokus har sagt at med det nye datasystemet vil nettbank, konto-utskrifter, varsel om renteendringar o.l. berre vera på bokmål,

medan individuell brevveksling framleis vil gå føre seg på målforma til kunden. Nynorskrådet i Fokus vart seinare oppløyst som ei fylgje av vedtaket. Nynorsk kundane i Fokus vart orienterte om vedtaket gjennom eit vedlegg til kontoutskrifta for juli, og dette førte til medieoppslag mellom anna i NRK Sogn og Fjordane, Vestlandsrevyen og Dagsnytt 18. Noregs Mållag oppmoda kundane om å finna seg andre bankar som var betre på nynorskbruk enn Fokus. Det har truleg vore avgjerande for vedtaket i Fokus at banken fekk ny direktør i fjor vinter, og initiativet kom frå leiinga i Fokus Bank, ikkje frå Den danske Bank. Sommaren 2001 kom det signal frå Skandiabanken om at dei var interesserte i å utvikla ein nynorsk nettbank, men det har framleis ikkje skjedd.

Etter initiativ frå Nynorsk Forum, tok Noregs Mållag på seg å senda ut brev i oktober med spørjeskjema om målbruken til alle bankane i landet. Målet med granskinga var å finna fram til bankane som har dei beste tilboda til nynorskbrukarane. Brevet vart sendt til 150 bankar, og det kom inn 55 svar. Fleire bankar sa at dei gjerne skulle hatt nettbanken sin på nynorsk, men at dei er prisgjevne sentrale ordningar som ikkje har tilbod om nynorsk i nettbanken. Nokre har likevel fått det til. Ingen av dei som har svara, gav opp at val av målform er vedtektsfest. Seks bankar gav opp at dei har nynorsk nettbank, men to av dei tek berre imot kundar frå nærmiljøet. Dei fire som tek imot kundar frå heile landet er Sparebanken Volda/Ørsta, Aurland Sparebank, Sparebanken Sogn og Fjordane og Kvinnerhad Sparebank.

Åtte bankar til definerer seg som nynorskbankar, og nyttar nynorsk i kontoutskrifter, som internt mål, i lysingar og på plakatar, men har ikkje nynorsk nettbank. Dei som tek imot kundar frå heile landet er Sparebank 1 Hallingdal, Vik Sparebank, Sparebanken Hardanger, Indre Sogn Sparebank, Etne Sparebank og Seljord Sparebank.

Kulturpolitikk

Kulturbudsjettet for 2002

Noregs Mållag la som vanleg fram synspunkta på statsbudsjettet i ei høyringsfråsegn og i møte med kulturkomiteen (november). Noregs Mållag hadde særleg tre merknader til budsjettet: Få Noregs Ungdomslag inn på budsjettet, auka Noregs Mållag si løyving, og auka løyvinga til Dag og Tid. I tillegg var det viktig å sikra dei andre nynorskinstitusjonane mot kutt og å sikra pressestøtta. Noregs Ungdomslag var den prioriterte saka denne gongen som alle nynorskføretaka samarbeidde om. Dag og Tid vart sikra auke i si løyving alt i tilleggsproposisjonen frå den nye regjeringa, og elles inneheldt kulturbudsjettet for 2002 ingen store overraskingar. Både Blåmann Barnebokklubb og Nynorsk kultursentrum fekk dei løyvingane dei tidlegare er lova. Einaste endringa som Stortinget gjorde i høve til framlegget frå regjeringa var at Norsk Ordbok vart kutta frå 6,3 til 5,3 mill kr, men komiteen presiserte at den opphavlege framdriftsplanen om å vera ferdig i 2014, skal fylgjast, og kuttet får truleg ingen fylgjer for aktiviteten i 2002.

Målreising 2006 / «Kampen for språket»

Utgangspunktet for prosjektet »Målreising 2006« var eit vedtak på landsmøtet i Noregs Mållag i 1999. Målsetjinga var:

- 1) det skulle auka kunnskapen om samanhengen mellom samfunnsutviklinga og utviklingsvilkåra for nynorsken
- 2) det skulle byggja nettverk inn i universitets- og høyskulemiljøa.

I tråd med tradisjonen frå Målreising 1967 fekk prosjektet arbeidstittelen Målreising 2005. Det vart etablert eit frittstående forskarnettverk som tidleg avgjorde at hovudoppgåva skulle vera å gje ut ei artikkelsamling. Ho fekk tittelen «Kampen for språket» og vart lansert i midten av november. Artikkelforfattarane var delvis medlemmer av målreisingsgruppa: Oddmund Løkensgard Hoel, Elisabeth Bakke, Svein Ivar Angell, Ottar Grepstad, Ottar Hellevik, Håvard Teigen, Jan Terje Faarlund, Gunnstein Akselberg, Sylfest Lomheim og Gunnar Skirbekk. Redaktørar var Teigen og Bakke.

Boka tek for seg nynorsken og historia, nynorsken og det regionale, nynorsken og dialektane, nynorsken og globaliseringa, nynorsken og identitet og nynorsken og framtida. Spesielt samfunnsutviklinga og utviklingsvilkåra for nynorsken er teke grundig opp. Boka vart lansert dagen før Haustseminaret i Oslo i november. Der var fleire av artikkelforfattarane til stades. Hovudfæredragshaldarane utanfor prosjektet var Øyvind Østerud og Andreas Hompland. Seminaret hadde drygt 100 deltakarar, og var mellom dei største seminara Noregs Mållag har skipa til dei seinare åra. Forskingsresultata som vart presenterte i boka, spesielt i Håvard Teigen sin tekst har fått mykje merksemd i både radio og aviser. Boka har òg vorte meldt i ulike aviser og blad.

Medlemene i forskarnettverket har halde fleire føredrag etter dette. Dei har vore på fleire møte i lokal- og fylkeslagsmøte. Det er òg laga eit studieopplegg med grunnlag i boka. Så langt har to lag skipa til studiering om emnet.

Arbeidet med »Målreising 2006« er i hovudsak finansiert av Kommunal- og regionaldepartementet. Eigeninnsatsen til Noregs Mållag er fyrst og fremst arbeidskrafta til forfattarane og medlemene i prosjektgruppa, som har vore så venlege å arbeida utan vederlag.

«Kampen for språket» har vist at det trengst meir forskning på feltet nynorsk og samfunnsutvikling. Perspektivet er difor utvida fram til 100-årsjubileet til Noregs Mållag i 2006, og målsetjinga er å få etablert språk og samfunnsending som eit forskingsprogram eller større forskingsprosjekt i Noregs forskingsråd.

Nynorsk leksikon

I desember 2000 vart det kjent at Kunnskapsforlaget prøvde å få staten til å subsidiera bokmålsverket Store Norske Leksikon med 25 mill kr. Dette førte fyrst til at Kulturdepartementet i juni 2001 lyste ut ei anbodstevling om ein »nasjonal kunnskapsbase« på Internett. Dei to viktige tilboda kom frå Kunnskapsforlaget og ei gruppe med Cappelen i spissen, der mellom anna

Samlaget var med. Noregs Mållag arbeidde mykje med denne saka, særleg for å få departementet til å stilla klare krav om måljamstilling til dei mange offentlege millionane som skulle brukast. Dei sentrale krava galdt brukargrensesnitt og søkjefunksjonar på nynorsk, 50-50-fordeling mellom bokmål og nynorsk i tekstbasen og eit røynt nasjonalt perspektiv i innhaldet. Ingen av tilboda oppfylte alle krava, men Noregs Mållag konkluderte med at Cappelen-gruppa var best på nynorsk.

Saka tok ei noko overraskande vending då utdanningsminister Kristin Clemet sa nei til alle tilboda. Dette likte opposisjonen dårleg, og i januar 2002 slo eit breitt fleirtal på Stortinget (alle minus Frp) fast at regjeringa må syta for at det vert oppretta nasjonale kunnskapsbasar. Her lukkast det å få det same fleirtalet til å slå fast at regjeringa skal »sørge for at de språkpolitiske målsettingene om likestillingen mellom våre to målformer ivaretas ved etableringen av nasjonale digitale kunnskapsbaser«.

Samlaget og Nynorsk kultursentrum har vore svært aktive i heile prosessen og har no søkt om forprosjektmidlar til eit eige nynorsk leksikon. Det skal liggja føre til skulestart 2005 dersom det lukkast å realisera den storfelte planen. Mykje talar for at dette vil bli den neste storsatsinga til målrørsla no når Ivar Aasen-tunet står ferdig og prosjektet »Norsk Ordbok 2014« er vedteke realisert.

Prisar

På landsmøtet i 2001 fekk Rune Belsvik nynorsk litteraturpris 2000 for boka *Ein naken gut*. Nynorsk barnelitteraturpris gjekk til Bjørn Sortland for boka *Den blå, blå himmelen*. Kvar av prisane er på 15.000 kroner. Noregs Mållag og Det Norske Samlaget er saman om desse utgiftene.

Noregs Mållag delte ut to målblomar under landsmøtet. Den fyrste gjekk til rektor ved Høle ungdomsskule, Bjarne



Bjarne Hugo Hansen fekk målblome.

Foto: Hege Lothe

Hugo Hansen, for arbeidet sitt med å ta i bruk den nynorske programvaren Linux ved skulen. Den andre gjekk til Johnny Bråtveit for innsatsen under den offensive skulemålsrøystinga i Sviland (Sandnes). Dette var den fyrste offensive røystinga på fleire tiår, og nynorsken vann!

Garborg-året 2001

Garborg-året 2001 vart offisielt opna på Arne Garborg sin 150-årsdag, 25. januar 2001. Garborg-året 2001 har omfatta om lag 520 arrangement over heile landet, dei fleste i Garborg-regionane Jæren med omland, Asker, Oslo og Nord-Østerdalen. Om lag 95 000 personar har møtt på Garborg-kveldar, teaterframsyningar, konsertar, utstillingar, møte, seminar og festframsyningar. Lokallaga i Noregs Mållag har stått for fleire av dei lokale tilskipingane i Garborg-året. Etter det Noregs Mållag sentralt kjenner til, har drygt 30 lokallag nytta høvet til å markera Arne og Hulda Garborg med ymse arrangement. Tilskipingane har jamt over vore svært godt mottekne og hatt mange frammøtte.

Noregs Mållag hadde landsmøte på Bryne der dei lokale tilskiparane markerte Garborg-året 2001 på fleire måtar. Dei skipa til omvisning i Garborgheimen og i Knudaheio, i tillegg til rundtur på Jæren og kunstutstilling om Garborg. Lærarmållaget skipa til eige Garborgseminar dagen før landsmøtet. Time Mållag har gjeve ut «Garborg – ei bok om dikteren og samfunnsmennesket – og om røtene hans». Medan Noregs Mållag gav ut «Arne Garborg – eit debattheft». Folkekulturforbundet har registrert at det så langt er gjennomført eit par studieringar på heftet.

Garborg-året 2001 vart ein nasjonal kulturdugnad slik mange hadde vona. Tilskiparane sette sjølv i gang mange tilskipingar i dei fire markeringsregionane, men i tillegg kom det i gang gode tiltak som andre har stått for. Mellom anna vart det



*Kong Harald avduka den nye Garborg-statuen på Bryne
torg 10. juni 2001.*

Foto: Hege Lothe

gjeve ut bøker, skrive avisartiklar og sett opp framsyningar inspirerte av Garborg-året 2001. Både Arne Garborg og Hulda Garborg fekk stor merksemd i riksmidia og i meir lokale media.

Kulturarbeid i lokallaga

Lokallaga er gode kulturarbeidarar og kulturformidlarar i sine område. Arbeidet spenner frå bok- og kulturkveldar til ymse kursverksemd og nynorsk «forretningsdrift» i form av lokalhistoriske skrift, jolehefte og liknande. Dette arbeidet er ein viktig grunnstein i arbeidet for å fremja nynorsk blant folk flest.

Det største lyftet i arbeidsbolken har kanskje vore prosjektet til Nordmøre Mållag, som gav ut bok og CD i mars, med songar, rim og regler frå nærmiljøet. Noko av bakgrunnen for at dette kom i stand, var eit ynske frå kursdeltakarar på eit lokalt Pirion-kurs om å få tilgang til songane dei lærte på kurset.



Johnny Bråtveit fekk òg målblome.

Foto: Hege Lothe

Offentleg målpolitikk og målbruk

Stortingsval og regjeringsskifte

Noregs Mållag og NMU gjorde ein meir aktiv innsats framfor stortingsvalet 2001 enn det som har vore vanleg og fekk truleg så god uttelling som det er mogleg å vona på ut ifrå dei kulturpolitiske konjunkturane og stoda i organisasjonen. Landsmøtet i 2001 vedtok to fråsegner med målkrav til partia og oppmøding til veljarane, som vart brukte aktivt i valkampen. NMU gjennomførte ein vellukka programvareaksjon i samband med NRK sitt »folkemøte» om utdanningspolitikk i Ålesund 29.8. der kring 1000 elevar demonstrerte. Kring 20 mållag hadde ein aktivitet i valkampen som var synleg i media.

Inntrykket frå skulevalkampen og media er at sidemålsmotstandarane heldt ein lågare profil enn i tidlegare valkampar, og såleis gjorde sitt til at språkpolitikk vart ei ikkje-sak. Dei som forsvarte sidemålet var òg mange stader betre førebudde enn vanleg, noko som tyder på at NMU sin kontakt med ungdomspartia før valkampen gav resultat.

Stortingsvalet har skapt mange bylgjer, men målpolitisk endra ikkje valet og regjeringsskiftet mykje på stoda for nynorsken på Stortinget og i regjeringa. Mellom anna etter arbeid frå Noregs Mållag, kom det inn ei ålmenn, men god målformulering i Sem-erklæringa, og regjeringssamarbeidet med Krf og Venstre har gjort at Høgre har lagt den aktive sidemålsmotstanden til side. Kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland markerte seg raskt og godt i målspørsmålet, m.a. i sidemålssaka. Samarbeidet med den politiske leiinga i Utdannings- og forskingsdepartementet har så langt ikkje vore så godt som det burde.

Løvebakken Mållag kom på føtene etter valet alt i oktober, og etter at Rita Tveiten gjekk ut av Stortinget, vart Sigvald

Oppebøen Hansen (Ap, Telemark) ny leiar. Laget har no fleire stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmer i medlemsflokken enn før valet og har vore eit svært viktig og nyttig kontaktorgan for styret og skrifvarstova.

Ny mållovsmelding


Regjeringa la 21. desember fram stortingsmeldinga om målbruk i offentleg teneste. Noregs Mållag sende same dag ut pressemeldinga »Meir nynorsk i staten, men ikkje i dataprogram». Kulturdepartementet vil satsa på ein framifrå treårskampanje for nynorskbruk i staten, men har utsett dei viktige spørsmåla om innkjøpskrav for programvare og utviding av verkeområdet for mållova. Desse sakene vil regjeringa ta opp i kulturmeldinga, som tidlegast kjem våren 2003. Riksmålsforbundet var svært misnøgd med meldinga i eit ordskifte på Dagsnytt Atten med kulturministeren og leiaren i Noregs Mållag same dag.

Noregs Mållag deltok på høyringa om meldinga i kulturkomiteen 5. februar og leverte då høyringsmerknader. Styret valde å prioritera dei viktigaste sakene strengt og la vekt på at:

- det treårige satsingsprosjektet på nynorsk målbruk i staten er gledeleg og har Noregs Mållag si fulle støtte
- regjeringa må koma attende til Stortinget våren 2002 med framlegg til utviding av verkeområdet for mållova slik at også omdanna og utskilde statsverksemdar med mykje publikumskontakt tvillaust blir underlagde målbruksreglane
- regjeringa må koma attende alt våren 2002 med framlegg til ein ny paragraf i mållova om at alle som skal levera programvare til staten, må ha versjonar både på bokmål og nynorsk
- det må bli ei plikt for alle statsorgan å ha bindande in-



Kristin Clemet (H) er ny forskings- og utdanningsminister.
Foto: Hege Lothe



Kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland på haustseminar i Noregs Mållag.
Foto: Hege Lothe

- terne instruksar om korleis målbrukslova skal oppfyllest - regjeringa må bli pålagt å koma med framlegg til lovtekstar både på bokmål og nynorsk i alle odelstingsproposisjonar, slik at saksordføraren i Stortinget har eit røyntleg val mellom bokmål og nynorsk.

Kulturkomiteen kom med innstillinga si om stortingsmeldinga alt 7. mars, og det generelle biletet er at det er brei oppslutning frå alle parti unnateke Framstegspartiet om dei språkpolitiske hovudlinene i mållovsmeldinga. Dette fleirtalet strekar mellom anna under at sidemålsordninga er »ein avgjerande føresetnad» for å kunna handheva målbruksreglane i staten. Regjeringa får støtte til det treårige satsingsprosjektet, og om verkeområdet for mållova seier fleirtalet at «det er viktig at dette vert avklara snarast råd». Trass i velviljuge formuleringar var det ikkje fleirtal for å gå lenger i påleggja regjeringa å handla så raskt som Noregs Mållag ynskte. Alt i alt må likevel målrørsla seia seg godt nøgd både med mållovsmeldinga og komiteinnstillinga.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar gjekk i februar ut og kravde at dei statsorgana som braut mållova mest, burde flyttast ut fyrst når statlege arbeidsplassar skal ut av Oslo, og at desse organa bør flyttast til nynorskkommunar eller byar med nynorsk omland. Organa som står øvst på lista til LNK, er Barneombodet, Vinmonopolet, Riksantikvaren, Pensjonstrygda for sjømenn, Statens bygningstekniske etat og Statsbygg. Utspelet fekk ein god del merksemd i media, og Noregs Mållag støtta det, mellom anna i komitehøyringa om mållovsmeldinga.

Statlege helseføretak

Noregs Mållag har arbeidd for å få slege fast at helseføretaka skal falla inn under mållova som regionale statsorgan når dei no ikkje lenger er fylkeskommunale. NM var mellom anna på møte

med Helsedepartementet i oktober og i februar. Saka har skapt stort engasjement i organisasjonen og i media, og særskilt då Helse Midt-Noreg ville døypa om sjukehusa i Møre og Romsdal til »sykehus», vart det mange protestar og medieoppslag. Kultur- og kyrkjedepartementet sende brev til helsedepartementet i byrjinga av februar, der dei slo fast at etter deira vurdering var det liten tvil om at dei nye statlege helseføretaka fall inn under mållova. Kulturministeren har skrivde det same til Stortinget som svar på eit skriftleg spørsmål. Helsedepartementet har rett til å uttala seg om saka, men alt tyder på at KKD vil fastsetja at mållova gjeld for helseføretaka.

Som ei praktisk oppfølging av dette, har Helsedepartementet lova å invitera Noregs Mållag og andre aktuelle organisasjonar til eit seminar om helseføretaka og språkbruk i mai. Seminaret skal ta opp korleis ein god språkpolitikk kan gjennomførast på dei ulike nivåa i den nye sjukehusorganiseringa.

Luftfartsverket, NSB og Posten

Stortingsfleirtalet vedtok i desember at Luftfartsverket, NSB og Posten skal gjerast om til aksjeselskap, noko som vil føra til at dei fell utanfor mållova slik ho er utforma i dag. Posten og NSB er alt i dag i grenseland. Noregs Mållag sende 7. desember ut pressemeldinga «Språkleg katastrofe i samferdselssektoren». Vedtaket kom svært raskt og overraskande på mange, og det lukkast ikkje Noregs Mållag i denne omgangen å få samferdselskomiteen til å slå fast at mållova skal gjelda for desse nye aksjeselskapa.

NM møtte likevel velvilje både i leiinga i samferdselskomiteen og i Samferdselsdepartementet, og det er no viktig at dette kjem med alt i proposisjonane som regjeringa skal leggja fram om selskapa. Saka er teken opp både med Kulturdepartementet og Løvebakken Mållag, og kulturministeren sa på eit



Målaktivistar frå Aust-Agder Mållag og Vest-Agder Mållag er klare til kamp.

Foto: Hege Lothe

møte med ungdomsorganisasjonane i mars at ho meiner mållova bør gjelda for desse selskapa.

Omdanninga av desse selskapa vil bli ein viktig prøvestein på kvar grensene for mållova skal gå i framtida. Denne saka har, saman med saka om helseføretaka, vore nyttig for å få klårt fram kor viktig spørsmålet om verkeområdet for mållova er og for å få meir framdrift i saka. Eit kjernespørsmål kjem til å verta om staten skal påleggja sine eigne selskap målbrukskrav som ikkje gjeld for private konkurrentar. For målrørsla vil det verta meir og meir viktig å leggja vekt på at det er samfunnsfunksjonen og ikkje den formelle organiseringa som må avgjera om mållova skal gjelda. Med den nye organiseringa i staten er det det også eit spørsmål korleis ein i større grad og meir systematisk kan knyta målbrukskrav til dei pengane som det offentlege brukar på å få fristilte og private føretak til å utføra viktige samfunnsoppgåver. Dette har til dømes vore viktig i ordskiftet kring den nasjonale kunnskapsbasen.

På samferdselsfronten var det elles gledeleg at regionkontoret til Statens vegvesen for Vestlandet vart lagt til Leikanger i Sogn og Fjordane og ikkje til bokmålsbyane Bergen eller Stavanger. På den måten har ein sikra eit viktig nynorsk brukhovud i vegvesenet.

Siger for nynorsken i Telemark

Fylkestinget i Telemark vedtok 14. desember 2001 med 31 mot 23 røyster at administrasjonsspråket framleis skal vera nynorsk. Dermed vart det sett sluttstrek for ein lang politisk dra-kamp som byrja med handsaminga av 2000-budsjettet i fyl-

kestinget. Framstegspartiet ville då at fylkeskommunen skulle verta språknøytral for å spare pengar, og saka vart ført vidare av representantar frå Høgre og har fått mykje merksemd i fylket. Telemark Mållag har arbeidd mykje med å få fleirtal for nynorsk på fylkestinget, både med presseutspel, lesarinnlegg og fleire brev og telefonrundar til fylkestingspolitikarane. Hausten 2001 var eit nummer av Norsk Tidend «temanummer» om Telemark, og lokallaga og fylkeslaget finansierte eit ekstraopplag på over 70 000 aviser som gjekk til alle husstandar i Telemark.

Fleirtalet for nynorsk i fylkestinget vart til slutt klårare enn venta. Ein kan oppsummera at innsatsen til Telemark Mållag, lokallaga i Telemark, Noregs Mållag og leiaren i Løvebakken Mållag var viktig for denne sigeren. Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) engasjerte seg og dei siste vekene med brev til fylkestingspolitikarane. Telemark fylkeskommune har vore administrert på nynorsk sidan 1928. Sjølv om eit klårt fleirtal i Telemark skriv bokmål, var det eit avgjerande argument også for mange Grenlands-politikarar at nynorsken er ein viktig identitetsberar og står for eit særpreg som heile fylket bør ta vare på. Det var særleg gledeleg at mange Høgre-politikarar, også frå Grenland, kom på bana og forsvarte nynorsken.

Språkkommisjon («språkleg maktutgreiing»)

Norsk språkpolitikk kviler i dag på grunnlaget som vart lagt då Stortinget i 1970 slutta seg til hovuddraga i tilrådinga frå Vogt-komiteen. Trass i språkpolitiske dokument som målbruksmeldingane, kan ein knapt seia at det i dag finst ein overgripande norsk språkpolitikk som tek sikte på å »verna og halda i hevd



Telemark Mållag vann kampen om administrasjonsspråket i fylkeskommunen.

Foto: Hege Lothe

dei to norske skriftspråka våre» (Sem-erklæringa). To døme frå det siste arbeidsåret er at Ap-regjeringa la fram ei mediemelding utanå nemna at det finst to offisielle språk i Noreg, og at Bondevik-regjeringa har kome med eit framlegg i Ot. prp. 40 (2001/2002) om å stryka punktet om at «undervisningsspråket er til vanlig norsk» i universitets- og høyskulelova (mars 2002).

Noregs Mållag har i fleire år arbeidd for å få regjeringa til å ta initiativet til ei »språkleg maktutgreiing» for å lyfta språkpolitikken fram frå bakrommet. Eit sentralt føremål med eit slikt initiativ må vera å gjera Norsk språkråd til eit meir offensivt, utetterretta og handlekraftig organ i språkstyrkingsarbeidet.

Norsk språkråd vedtok på årsmøtet sitt 7.-8. februar å be regjeringa setja ned ein språkkommisjon, og framlegget til mandat frå Språkrådet samsvarar godt med dei tankane Noregs Mållag har hatt om ei språkleg maktutgreiing. Regjeringa har på si side varsla at språk og språkpolitikk vil stå sentralt i kulturmeldinga som skal koma i 2003. Noregs Mållag har lagt stor vekt på at ein språkkommisjon må ta seg av dei lange språkpolitiske linene utan at arbeidet med dei aktuelle og konkrete sakene vert seinka.

Talemål og skriftmål

Normering

Kulturdepartementet nekta i desember 2000 å godkjenna Norsk språkråd sitt framlegg til endringar i nynorskrettskrivinga og kom i praksis med eit pålegg til Språkrådet om å fjerna skiljet mellom hovud- og sideformer. Arbeidet i Språkrådet har i ar-

beidsåret halde fram med dette utgangspunktet, og på årsmøtet i Språkrådet i februar var saka oppe til drøfting. Eit eige møte i nynorskseksjonen 13. mai skal etter planen vedta prinsipp for det vidare arbeidet med rettskrivingsendringane fram mot årsmøtet i 2003. Før årsmøtet bad Noregs Mållag om at Språkrådet utsette seksjonsmøtet til etter landsmøtet.

Styret fekk landsmøtet i 2001 med seg på ikkje å ta opp saka då, etter at det hadde kome ynske om det frå organisasjonen. Saka vart derimot teken opp på eit eige seminar under Haustseminaret i november, der ein av Noregs Mållag sine representantar i Språkrådet greidde ut om arbeidet.


Alt tyder no på at Språkrådet vil gå inn for å fjerna skiljet mellom hovud- og sideformer, og eit viktig spørsmål vert då kor mykje av valfridomen som skal stå att. Dette gjeld såpass viktige normeringsprinsipp at styret har valt å leggja fram normeringsvedtaket frå landsmøtet i 1999 til ny drøfting på det komande landsmøtet.

Talemål

Noregs Mållag sentralt har ikkje prioritert arbeidet med dialektbruk og nynorsk standardmål i perioden. Men særleg gjennom satsinga på kulturbarnehagen har det vorte fokusert på verdien av at ungar tek vare på dialekten.

Stadnamn

Lov om stadnamn tok til å gjelda i 1991, og i januar 2001 kom rapporten frå ei arbeidsgruppe nedsett av kulturdepartementet som har vurdert lova og kome med framlegg til endringar.



Olav Øye frå Norsk Mållungdom var med på dialektaksjon i Oslo hausten 2001.

Foto: Hege Lothe

Landsmøtet i juli 2001 vedtok ei fråsegn om saka, og styret sende fråsegna saman med ei utdjupande høyringsfråsegn til departementet i september. Dei sentrale synspunkta frå Noregs Mållag var at:

- skrivemåten av stadnamna skal framleis byggja direkte på nedverd lokal uttale, ikkje den »lokale talemålsforma» slik framlegget frå arbeidsgruppa går ut frå. Det vil opna for at nyare uttale som byggjer på reine feilskrivingar frå dansketida dannar grunnlag for skriftfesting av norske stadnamn.
- stadnamnlova også skal gjelda på kontinentalsokkelen og i statselskap som ikkje staten eig fullt ut.
- ordninga med ei førebels tilråding frå namnekonulentane held fram.
- Noregs Mållag ser positivt på at framlegget inneheld ein eigen paragraf om namnevern og namnsetjing og at Statens kartverk får vedtaksretten for alle namn i statleg samanheng.

Saka ligg framleis i Kultur- og kyrkjedepartementet og er ikkje lagd fram for Stortinget.

Internasjonalt arbeid

Noregs Mållag fekk i juni 2001 støtte frå Utanriksdepartementet til å laga eit studiehefte om internasjonale språkspørsmål vintren 2001, og Trond Sæbø Skarpeteig er engasjert for å redigera heftet. Det vil mellom anna byggja på innleiingar haldne på vinterseminaret i Bergen i januar 2001 og er venta ferdig til

landsmøtet i 2002. Det har ikkje lukkast Noregs Mållag å finna personar som kan vera drivkraft i Internasjonalt utval.

11.-13. oktober var det ein stor globaliseringskonferanse på Folkets Hus i Oslo med kring 1500 deltakarar totalt. Mange organisasjonar var med og skipa til ulike seminar, og Noregs Mållag medverka med seminaret »Globaliseringa, eit trugsmål mot språkleg og kulturelt mangfald?» Innleiarar var Astrid Dypvik og Arne Vinje.

Dagleg leiar og leiar har delteke på seminar i regi av *Fondet for Dansk-Norsk samarbeid* der rapporten »Nordisk språkførståelse – att ha och mista» vart lansert. Noregs Mållag deltok òg med dagleg leiar som utsending på konferansen »Frå politikk til praksis for mindre brukte språk» i regi av British Council i Cardiff, Wales, i september. Det europeiske språkåret var utgangspunktet for tilskipinga. Konferansen samla 78 deltakarar frå 30 land, og hadde tett program ei heil veke. Konferansen gav eit godt grunnlag for auka kontakt og samarbeid med språkrørslar i andre land, og artiklar frå nokre utvalde tema på konferansen finst i Norsk Tidend nr. 4 og 5 i 2001.

»Det europeiske språkåret 2001» i Noreg må i det store og heile oppsummerast som mislukka. Språkåret nådde lite ut i media og greidde ikkje å skapa folkeleg engasjement. Tiltaket var svært lågt prioritert frå styresmaktene si side, det vil i praksis seia Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Etter å ha gjort nokre freistnader tidleg i 2001 såg Noregs Mållag ikkje nokon grunn til å ofra merksemd på Språkåret i andre halvår.



Foto: Hege Lothe

Samskipnaden

Lag og medlemmer

Medlemstal

Medlemsutviklinga har dei siste åra vore slik (betalande medlemmer pr. 31. desember):

Medlemstal	Endring	Tilgang	Fråfall
1993	11 726		
1994	11 582	- 144	
1995	10 820	- 762	
1996	11 113	293	487
1997	10 826	- 287	566
1998	10 852	26	691
1999	11 046	194	775
2000	11 001	- 45	539
2001	10 883	-118	476


Medlemstalet gjekk ned med 118 medlemmer (1 prosent) i 2001, og er no 10 883. Det er registrert fødeår på 39 prosent av medlemmene, og gjennomsnittsalderen er no 52,4 år, ein nedgang på tre år sidan førre årsmelding.

Praksisen med medlemsregistreringa er slik at medlemmer som ikkje betaler, blir ståande i registeret og får tilsendt medlemspengekrav og Norsk Tidend i tre år. Deretter vert dei sletta. Dei som ikkje har betalt, er med på medlemslistene som lokallaga får tilsendt slik at laga kan ta kontakt med dei, men dei vert sjølvsagt ikkje rekna med i det offisielle medlemstalet.

Det har vore nokre problem med medlemspengeinnkrevjinga i 2001. Noregs Mållag skifta bank ved årsskiftet 2000/2001, og ved den fyrste utsendinga av medlemspengekravet var ikkje kontonummeret opna for KID-innbetaling, slik at mange fekk problem med å betala medlemspengane. Samstundes førte overgangen til eit anna system for overføra betalingsinformasjon frå banken, til at informasjon om godt over tusen innbetalningar gjekk tapt. På ei av purringane var det òg eit gammalt KID-nummer slik at innbetalingane vart registrerte som innbetalningar i 2000. Både desse feila vart retta opp så snart dei vart oppdaga, men dei tok mykje tid på skrivekontora og førte diverre til at mange fekk dobbelt medlemspengekrav i 2001. Dei som har betalt dobbelt, har fått brev med tilbod om å få pengane att, få dei overførte til neste års kontingent eller gje dei som gåve til mållaget. Styret er lei for dei problema dette har skapt for lag og medlemmer og har lagt stor vekt på å få rydda opp slik at problema ikkje skulle bli med inn i 2002. Så langt ser det ut til å ha gått bra.

Vervearbeidet

Det vart ikkje gjennomført nokon sentral vervekampanje i 2001, og det er truleg hovudforklaringa på at medlemstalet



Medlemstalet i Noregs Mållag 1989-2001

har gått ned, sidan fråfallet er om lag det same som tidlegare. Fråfallet er neppe spesielt stort i Noregs Mållag, men det krev eit sterkt og jamleg vervearbeid for å halda oppe eller auka medlemstalet. At korkje Garborg-året eller sidemålsstriden førte til nokon medlemsauke i seg sjølv, syner at ein ikkje får noko gratis. For å redusera fråfallet får laga tilsendt purregiroar på hausten slik at dei kan kontakta medlemmene direkte, og mange lag hadde gode resultat på denne ekstrarunden.

Luster Mållag (skipa hausten 2000) er det laget som har verva klart flest medlemmer. Dei gjekk frå 11 til 60 medlemmer på eitt år! Andre lag som har drive vervearbeid med godt resultat, er Sør-Fron dialekt- og mållag, Stord Mållag, Hemsedal Mållag og Vinje Mållag. Stord Mållag sende med vervegiro i avisa Sunnhordland, og fekk svært god respons på det. I Telemark gjekk fylkeslaget og lokallaga i hop om å senda ut Norsk Tidend til alle husstandane i fylket før røystinga i fylkestinget om administrasjonsmålet. Det var ein stor verveklipp på baksida av bladet, men han vart nok ikkje så mykje brukt som ein hadde vona.

Det vart sendt ut verveflygeblad med medlemsbladet til Sosialistisk Venstreparti i mai 2001, etter same leist som Senterpartiet-flygebladet i 2000. Resultatet av SV-kampanjen vart ikkje like godt som SP-kampanjen, og vi fekk ikkje meir enn eit tjuetals nye medlemmer på han.

Som tidlegare har det vist seg at det er den personlege vervinga (venevervinga) som gjev best resultat.

Lokallag og fylkeslag

For 2000 mottok skrivekontora årsmelding for 135 lag og 18 fylkeslag. Dette er ein nedgang frå 1999 på 17 lag. Det mogleg det kjem inn nokre fleire, og full melding om dette vert gjeve på årsmøtet. Styret i Noregs Mållag er uroa over denne utviklinga, og kjem til å gjera tiltakt for å fylgja opp innleveringa av

årsmeldinga betre. Samstundes ser me at det er aktivitet i svært mange av dei laga som ikkje leverer årsmelding, og vonar at talet på lag som leverer årsmelding og talet på aktive lag vert meir i samsvar til seinare år. I samråd med styret har skrifvarstova byrja ein prosess med å sjå etter om det er lag som bør leggast ned, eller freistast liva opp att. Denne prosessen vil vera ein del av organisasjonsatsinga.

Desse laga er skipa eller oppattskipa i arbeidsåret: Herøy Mållag (Sunnmøre), Masfjorden Mållag (Hordaland) og Osterøy Mållag (Hordaland).

Eit lag er formelt lagt ned i perioden: Røros Mållag. Nordland Mållag ligg framleis nede slik det har gjort i mange år.

Ti lag er med både i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag (inga endring).

12. mars fekk Noregs Mållag ei nyvinning på lagsfronten. Då vart Rotvoll lokallag av lærarmållaget formelt skipa, etter eit ordskifte tidlegare i vinter om å arbeida for å få starta lokale grupper av lærarmållaget. Den formelle statusen er ikkje avklåra, men me ynskjer fleire slike lokale grupper velkomne og skal finna ein plass til dei i det formelle organisasjonshierarkiet på vårparten.

Vurdert opp mot tidlegare år er både talet på aktive lokallag og aktiviteten i lokallaga stabil, og det er slik sett ingen grunn til uro. Vurderer ein derimot stoda i lokallaga og fylkeslaga opp mot målsetjingane i arbeidsprogrammet og dei utfordringane nynorsken står andsynes i åra som kjem, er ikkje stoda like opplyftande. Det totale biletet av aktiviteten er at han i dag er prega av kulturaktivitetar, medan det utettervende målpolitiske arbeidet er meir i bakgrunnen. Det har vist seg å vera tungt å gjennomføra kraftfulle sentrale målpolitiske kampanjar, noko som vil bli stadig viktigare framover. Mange lag slit og tungt med å rekruttera tillitsvalde og aktive. Til haustseminaret i 2001 vart det sendt ut ei eiga oppmoding til nokre hundre unge målfolk om å koma på seminaret.

Yrkesmållaga har byrja eit arbeid for å styrkja kontakten mellom laga, og fleire av yrkesmållaga legg planar for å verta meir landsfemnande.

Lovene vart endra på landsmøtet i 2001 slik at beinveges medlemmer no betaler same sentralsats som vanlege medlemmer og skal vera tilknytt eit fylkeslag. Skrifvarstova sette tidleg i 2002 i gang eit arbeid for å få lagt ned lag som ikkje har fungert på lang tid og som det heller ikkje er von om å få skipa opp att med det fyrste. Denne oppryddinga skjer i samråd med fylkeslaga, og medlemene i desse laga vil verta overførte til andre lag i området eller verta beinveges medlemmer. Målsetjinga er å få i gang så mange som mogleg av dei sovande laga og ut over dette å syta for at lagsoversynet skal bli meir reelt.

Organisasjonssatsinga

Landsmøtet på Bryne gjorde det endelege vedtaket om å setja i gang organisasjonssatsinga som landsmøtet i 1999 tok initiativet til. Det er tilsett to reiseskrivarar, den eine med kontorstad i Bergen og den andre med kontorstad i Oslo. Vervearbeid og lagsbygging vil vera mellom hovudoppgåvene for desse to, og

dei laga som er interesserte i å bruka reiseskrivarane må laga arbeidsplanar / skisser til tiltak og senda inn til Noregs Mållag sentralt.


I arbeidsbolken har det i hovudsak vore arbeidd med praktiske og økonomiske løysingar for å få realisert landsmøtevedtaket. Skrifvarstova hadde møte med vestlandsfylka i haust og dei andre fylkesleiarane under Haustseminaret i november, og Noregs Mållag vedtok i desember ein plan for stillingane, samarbeidsformer med skrifvarstova og budsjett for heile prosjektet. Vestlandsskrivaren tek til i byrjinga av mars, medan den andre skrivaren som skal arbeida 50 prosent på Agder og 50 prosent fordelt på resten av landet, fyrst vil ta til 1. august.

For å stetta landsmøtevedtaket som slo fast at det skal vera ein skrifvar med kontor på Vestlandet, avgjorde styret at vestlandsskrivaren mellombels skal ha ansvaret for skulemålskrivarfunksjonen i 50 prosent og vera vestlandsskrivar i 50 prosent. Bakgrunnen var at det så langt berre var den sentrale delen av finansieringa (50%) som var på plass og at Noregs Mållag er avhengig av å kunna tilby full stilling frå fyrste dag for å ha von om å få tak i kvalifiserte folk. Nokre av arbeidsoppgåvene til skulemålskrivaren er mellombels overførte til andre på skrifvarstova, så den samla arbeidsinnsatsen på skulemålsfeltet er om lag den same som tidlegare. Dette er likevel ei lite tilfredstillande løysing, og styret tek sikte på å flytta skulemålskrivarfunksjonen attende til Oslo i full stilling så snart den lokale finansieringa av vestlandsskrivaren er på plass, seinast frå og med 2003.

Studiearbeidet

Noregs Mållag er ein av 11 medlemsorganisasjonar i Folkekulturforbundet. Frå 2000 til 2001 har Noregs Mållag nådd langt i målsetjinga med å dobla talet på studietimar. Me hadde registrert 242 i 2000, og har 456 i 2001. Grafen over studietimar er noko misvisande, ettersom studietimane til Norsk Målungdom er med i talet for Noregs Mållag fram til 1999.

Skrifvarstova har vore medviten på å leggja ved studieplanar og studierettleingar i lagssendingar, og å dela dei ut på seminar og møte. I perioden etter landsmøtet er det laga



Registrerte studietimar frå sentrallekken og lokallaga i Noregs Mållag 1993-2001. Studietala for NMU er rekna inn fram til 1999.

eit studieopplegg til boka 'Kampen for språket'. Det vart delt ut på haustseminaret, og sendt ut i ei lagssending.

Leiartreninga har kome noko i gang i perioden. På landsrådsmøtet vinteren 2002 heldt informasjonskonsulenten eit kurs i mediarbeid for lokal- og fylkeslag, og på landsmøtet 2002 har styret avgjort at det vil vera ulike leiartreningsseminar som ein del av programmet.

Det er framleis ein lang veg å gå på dette feltet, men ferdigstillinga av lagshandboka var eit langt steg fram i leiartreningsarbeidet.

Landsmøtet 2001

Landsmøtet vart halde på Bryne i dagane 27.-29. juli. Det var totalt påmeldt 248 utsendingar, observatørar og gjester, og 170 utsendingar hadde røysterett.

Leiaren i Norsk bonde- og småbrukarlag, Arne Vinje, heldt landsmøtetalen om »Globaliseringa, språket og maten». Talen vart teken svært godt imot og la grunnen for eit godt ordskifte om norsk målreising i ein stor internasjonal samanheng. Den tyngste saka på møtet var nytt arbeidsprogram for 2001-2004, men trass i ein del mindre endringar viste landsmøtet at det er svært brei semje om hovudlinene for arbeidet i samskipnaden. Mest ordskifte vart det om organisasjonssatsinga der spørsmålet gjekk på prioriteringane mellom skrivarane for Vestlandet og resten av landet. Landsmøtet vedtok òg ein del lovendringar som vil effektivisera og forenkla medlemskapsystemet. Landsmøtet slutta seg til styret i at normeringssaka ikkje burde takast opp som eiga sak. Møtet vart avvikla greitt og ryddig i ein god og inspirerende tone, men styret fekk noko kritikk for å ha sett av for dårleg tid til ordskifte. Fråsegnene vart vedtekte utan mykje ordskifte, og landsmøtet fekk svært god bles i media.

Den lokale ramma kring møtet var prega av Garborg-året


og var så god som det er mogleg. Landsmøtenemnda var framifrå organisert og hadde både sytt for straumlineforma gjennomføring og eit kulturprogram som fekk svært mykje vellæte frå deltakarane. Jæren Hotell gjorde òg ein god innsats for at den praktiske sida skulle gå greitt.

100-årsjubileet

Noregs Mållag er 100 år i februar 2006. Styret har i perioden fått utarbeidd eit forprosjektnotat om den mest tid- og ressurskrevjande delen av jubileumsmarkeringa, som er ei norsk målreisingssoge. Målet er å få til eit trebandsverk, og Noregs Mållag har teke initiativet til eit samarbeid med Nynorsk kultursentrum og Ivar Aasen-instituttet. I samarbeid med instituttet vil det verta søkt om forskingsmidlar til prosjektet, og det står att mykje arbeid å gjera med finansieringa før det er klårt om prosjektet let seg realisera. I tillegg til bokverket har styret lagt opp til å kartleggja arkivtilfang i lokallaga og å få lagt ut ein del dokumentasjon om saga til målrørsla på nettet. Det er òg eit mål å få etablert sogeprojektet som ein del av forskingsinnsatsen som vonleg kjem ut av «Målreising 2006».

Informasjons- og mediarbeid

Det vert arbeidd aktivt med å fylgja opp media i Noreg slik at flest mogleg skriv om og har fokus på nynorsk og målsak. Til dette arbeidet har styret vedteke ein eigen medie- og informasjonsplan som dekkjer både internt og eksternt informasjonsarbeid i organisasjonen. Målet er at Noregs Mållag må vera synleg som ein meningsberande stridsorganisasjon. Samskipnaden og politikken må gjerast meir synleg for vanlege folk, styresmakter, skuleverket, andre offentlege institusjonar, næringsliv og organisasjonar. Medie- og informasjonsarbeidet til Noregs Mållag har vorte rusta opp dei siste åra og har i



Deltakarar på landsmøtet på Bryne. Frå venstre: Rutt Trøite Lorentzen saman med Sigrun Skjesol og Marthe Barkhald frå Sparbyggjen Mållag og Trond Klaape og Vidar Skaare frå Austmannalaget.

Foto: Hege Lothe

arbeidsåret fylgt dei same hovudlinene som tidlegare. Som tidlegare har pressemeldingar og direkte kontakt med journalistar vore prioritert høgare enn td. lesarbrev.

Pressearbeid

Noregs Mållag har frå 31. mai 2001 til 15. mars 2002 sendt ut 26 pressemeldingar:

- Noregs Mållag bed staten boikotta Office XP, 31.5
- Globalisert målstrid, 2.7 (om landsmøtet)
- Landsmøte i Noregs Mållag, 25.7
- Nynorsken ut av Fokus – inn i Skandiabanken?, 27.7
- Nynorsk litteraturpris til Rune Belsvik, 27.7
- Nynorsk barnelitteraturpris til Bjørn Sortland, 27.7
- Målpris for nynorsk dataarbeid, 27.7 (Bjarne Hugo Hansen fekk Målblome 2001)
- Noregs Mållag – Globaliseringa, språket og maten, 28.7 (landsmøtetalen til Arne Vinje)
- Mållaget vil ha valkamp om nynorsk, 29.7
- Oddmund Hoel attvald som leiar i Noregs Mållag, 29.7
- Røyst nynorsk ved stortingsvalet!, 7.8 (lesarinnlegg)
- Elevane og mållaget krev språkleg rettferd i skulen, 28.8 (saman med NMU)
- Krav til mållovsmeldinga: Ja til nynorsk byråkrati, 30.8 (lesarinnlegg)
- - Røyst nynorsk på valdagen, 5.9.
- - Ingen kompromiss i sidemålsspørsmålet!, 13.9
- - Ingen hestehandel om sidemål!, 2.10
- Katastrofebudsjett for nynorskelevar!, 11.10 (saman med NMU)
- Mållaget krev sidemålsavklaring frå regjeringa, 6.11
- Kampen for språket – nynorsken mellom det lokale og det globale, 16.11
- Kulturminister Svarstad Haugland opnar nynorskseminar, 16.11
- Opnar for nynorsk pressestøtte, 18.11 (saman med Mediemållaget)
- 11 organisasjonar bed Stortinget sikra parallellutgåveordninga, 22.11 (saman med NMU)
- Språkleg katastrofe i samferdselssektoren, 7.12
- Nynorskminister godtek undergraving av nynorsk i NRK, 20.12 (saman med Kringkastingsringen)
- Meir nynorsk i staten, men ikkje i dataprogram, 21.12
- Vidar Lund innstilt som ny leiar i Noregs Mållag, 8.3

I tillegg til pressemeldingane og det andre mediearbeidet sentralt vart tre malar til lokale lesarbrev sende ut til laga:

- Pressestøtte, august 2001
- Lovkrav om nynorsk programvare no!, september 2001
- Verv medlemar til Blåmann Barnebokklubb!, september 2001

Skrivarstova har òg samarbeidd med, og gjeve ei hjelpande hand til dei fylkeslaga som har bede om hjelp eller har ynskt å diskutera strategiar og opplegg for utspel i media. Under lands-

rådsmøtet i januar vart det halde eit kurs i mediearbeid for fylkesleiarane. Dette kurset fekk gode tilbakemeldingar.


Arbeidet med å gjera mediearbeidet meir målretta er ført vidare, og det er lagt vekt på å styrkja nettverket av journalistar som er interesserte i målstriden. Det er dessutan lagt vekt på å kontakta journalistar og media direkte når det dukkar opp saker som bør svarast på.

Noregs Mållag har som tidlegare betalt for ei eiga klyppeteneste. Observer Norge går gjennom aviser, Internett/byrå, radio, tekst-TV, tidsskrift og fjernsyn og sender dagleg alle klypp til skriarstova som inneheld stikkord som er relevante for målørsla. I arbeidsåret er samarbeidet med Nynorsk kultursentrum, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar og Garborg-året 2001 ført vidare slik at desse føretaka har ei felles klyppavtale. Garborg-året gjekk ut av samarbeidet i januar då det vart lagt ned.

Presseklypp frå Observer

	2002	2001	2000	1999
Januar	230	463	215	203
Februar	182	264	391	316
Mars		381	446	284
April		374	263	256
Mai		324	288	178
Juni		476	391	235
Juli		362	339	232
August		350	485	290
September		292	472	283
Oktober		259	411	283
November		389	359	273
Desember		260	195	252
Samla	412	4 194	4 255	3 085

Noregs Mållag gav bort det historiske klypparkivet til Nynorsk kultursentrum ved opninga av Ivar Aasen-tunet i juni 2000. Gåva vart sendt til Hovdebygda i september 2001. Ordninga



Presseklypp frå Observer (Norske Argus) 1999-2002.

er no slik at Nynorsk kultursentrum arkiverer medieklyppa medan Noregs Mållag berre tek vare på dei i ein avgrensa periode.

Pressearbeidet i samband med landsmøtet

Landsmøtet fekk mykje blest både på førehand, undervegs og ikkje minst i etterkant. Dette kjem av godt pressearbeid, med ein ny vri: intervju med utsendingane som vart sende til lokalavisene rundt ikring, saman med bilete. Dette førte til ei rad lokale oppslag om landsmøtet. Det var fleire oppslag i etermedia og fleire større avisoppslag med bilete enn tidlegare. Observer Norge as registrerte 196 treff før, under og etter landsmøtet. I 2000 var det til saman 270 treff, medan det var 155 treff i 1999. Klypttenesta fangar opp, i snitt, om lag 80% av oppslaga i media. I forhold til landsmøtet i 2000 er det talet på notisar som har gått ned. Grunnen kan vera at det vart sendt ut færre politiske pressemeldingar.

Pressearbeid knytt til valkampen

Om lag 20 lokallag fekk presseoppslag i valkampen: Meland, Ostereidet, Radøy, Alversund, Lindås, Førde, Telemark, Rauma, Gol, Hemsedal, Hol, Ål og Torpo, Vaksdal, Borgund, Gløppen, Stavanger, Luster, Sogndal, Sunnmøre og Sykkylven. I tillegg var Norsk Målungdom og Noregs Mållag sentralt aktive. Frå skrifvarstova vart det sendt ut fem pressemeldingar, og Noregs Mållag hadde om lag 80 oppslag i dei hektiske valkampveken. Tek ein med Norsk Målungdom sine oppslag med aksjonen i Ålesund 29. august, var det over 100 nynorskoppslag knytt til målrørsla i valkampen. Det er aksjonane i Ålesund som har gjeve største og beste oppslaga. Mållaga på Sunnmøre og spesielt Norsk Målungdom gjorde då eit viktig og godt arbeid for å få målsaka inn i den rikspolitiske valkampen.

Norsk Tidend

Norsk Tidend er ein viktig kontakt for Noregs Mållag til medlemene, nynorskfolk og dei politiske miljøa. Norsk Tidend kom ut med tre nummer hausten 2001 og eitt nummer før landsmøtet i 2002. Utgjevingsplanen for 2001 vart følgt slik at det kom ut fem nummer i kalenderåret. Det tredje nummeret av Norsk Tidend kom som valkamputgåve i samband med stortingsvalkampen i september. Denne avisa var òg ei «telemarksutgåve» som vart sendt til alle husstandane i Telemark. Ekstrakostnadane med dette prosjektet tok Telemark Mållag og lokallaga til Telemark.



Samla opplag var 90.000 eksemplar. Dessverre vart avisa til medlemene sein på grunn av sein levering frå Posten.

Norsk Tidend og Motmæle har skipa til eitt journalist- og mediekurs i perioden. Det var 20 deltakarar på kurset som var svært vellukka. Kurset gav òg redaktøren verdfull kontakt med nye skribentar. Det vert arbeidd med å få faste distriktskorrespondentar til Norsk Tidend, i tillegg til ein godt fungerande redaksjon i Oslo.

Samarbeid om medlemsavis er drøfta med Kringkastingsringen og Noregs Ungdomslag. Ein ide om å gje ut felles medlemsblad vart lagd til side fordi organisasjonane har for ulike behov. Men samarbeid på avgrensa felt vil verta vurdert, og Kringkastingsringen og Noregs Mållag vil gå vidare med drøftingane om felles medlemsblad.

Nytt om nynorsk

Hausten 2001 kom det ut to nummer av Nytt om nynorsk. Samla i kalenderåret vart det gjeve ut fire nummer, med eit opplag rundt 1 000. Dette er eit stykke unna målsetjinga på 8–10 nummer i året. Før landsmøtet i 2002 vil Nytt om nynorsk ha kome med to utgåver. Nytt om nynorsk er eit nyttig tillegg til Norsk Tidend og vert sendt til alle lagsstyre, nye medlemmer og om lag 200 tingarar. Det har kome færre nummer enn planlagt fordi Norsk Tidend og mediarbeidet har vore høgast prioritert på informasjonsfronten.

Heimesidene til Noregs Mållag

Nettsidene til Noregs Mållag, www.nm.no, er både ei intern og ei ekstern informasjonssatsing. Nettsidene skal vera ein stad ein kan få oppdatert informasjon om Noregs Mållag, både for dei som arbeider med målsak jamleg og for dei som tilfeldigvis er innom. Informasjonen om organisasjonen og dei sakene Noregs Mållag arbeider med, har gradvis vorte bygd ut. Særleg er det lagt vekt på å få ut aktuell informasjon (medieoppslag, pressemeldingar, høringsfråsegner og andre aktuelle dokument).

Det er så langt lagt mindre vekt på å leggja ut meir tidlaus bakgrunnsinformasjon om nynorsken, målrørsla og målstriden. Dette er ein type informasjon som Nynorsk kultursentrum har ambisjonar om å få lagt ut på www.aasentunet.no. Samordninga av arbeidsdelinga mellom dei ulike nettstadene i målrørsla er ei hovudsak for Nynorsk Forum i 2002.

www.nm.no vart laga i 1999, og i arbeidsåret har det vore ei målsetjing å pussa opp nettsidene og utvide dei noko. Dette arbeidet har ein byrja på denne våren.

Nyhendesida www.nyhende.no

I oktober 2001 vart det sett i gang arbeid med å etablera ei eiga nyhendesida for nyhende om nynorsk. Denne sida vart laga fordi ein ville utnytta betre den klyppmengda som Noregs Mållag mottok årleg. Tanken er at denne sida skal gje nyhende frå alle sidene ved nynorsk og målsak, medan www.nm.no er retta meir inn mot det arbeidet samskipnaden driv. Sida kom i vanleg drift i januar.

Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

Heiderslagsmedlemer

Heiderslagsmedlemer i Noregs Mållag er no Ivar Eskeland, Torolv Hesthamar, Olga Meyer, Einfrid Perstølen og Magne Rommetveit. Alf Hellevik gjekk bort i november.

Styret og arbeidsutvalet

Styre og arbeidsutval i arbeidsåret 2001-2002 har vore:

Leiar: Oddmund Løkensgard Hoel (AU)

Nestleiar: Ingeborg Mjør (AU)

Styremedlemer: Håvard Teigen (AU), Rutt Trøite Lorentzen, Steinulf Tungesvik, Astrid Marie Nistad, Ragnhild Ås (NMU).

Varamedlemer: 1. Sigrun Høgetveit Berg, 2. Eldbjørg Skaug, 3. Aslak Fjermedal, 4. Trond Trosterud, Gudrun Kløve Juuhl (NMU), Marit Tennø (NMU).

Styret vil ha hatt seks møte og handsama om lag 70 saker når arbeidsåret er over. Dei viktigaste sakene har vore mediemeldinga, mållovsmeldinga, nasjonal kunnskapsbase, nynorsk programvare og læremiddel, språkbruken i dei statlege helseføretaka, organisasjonssatsinga og informasjonsarbeidet. Styret har arbeidd godt i lag i arbeidsbolken.

AU har hatt seks møte og handsama om lag 35 saker når arbeidsåret er omme. AU har brukt mest tid på økonomisakene og organisasjonssatsinga.

Leiar har vore løna i 50 prosent stilling i arbeidsåret. Håvard Teigen har vore frikjøpt for ein mindre sum gjennom

Målreising 2006-prosjektet i samband med redigeringa av boka. Styremedlemene har elles ikkje motteke godtgjersle for den tida dei har brukt på verva sine.

Landsrådet

Landsrådet har berre hatt eitt møte i perioden på grunn av at arbeidsåret er kortare enn vanleg. På møtet drøfta rådet mållovsmeldinga, nynorsk i næringslivet og organisasjonssatsinga, og det vart halde kurs i mediearbeid. Oppmøtet var uvanleg godt og stadfester den stigande tendensen ein såg i førre arbeidsperiode. Møtet stadfeste òg at landsrådet er eit svært viktig organ for kontakten mellom sentralleiinga og grunnorganisasjonen, og ei viktig inspirasjonskjelde for fylkeslaga. Styret har ikkje teke til med evalueringa av rolla til landsrådet.

Valnemnda

Valnemnd i arbeidsåret har vore:

Leiar: Svein Ivar Angell

Medlemer: Jenny Klinge, Arne Skuterud, Bjørnar Østgård, Eva Marie Mathisen (NMU)

Varamedlemer: 1. Brynjulf Gjerdåker, 2. Marit Fjordheim, 3. Vidar Lund, Inger Johansen (NMU), Ragnhild Bjørge (NMU) Eva Marie Mathisen trekte seg då ho vart tilsett i engasjement på skrivarstova i januar.



Styret og dei daglege leiarane i Noregs Mållag på landsmøtet på Bryne. Frå venstre: Ragnhild Ås, Rutt Trøite Lorentzen, Steinulf Tungesvik, Hege Myklebust, Oddmund Hoel, Gro Morken Endresen og Ingeborg Mjør.

Foto: Hege Lothe

Skrivarstova

Tilsette i arbeidsåret har vore:

Dagleg leiar: Gro Morken Endresen og Hege Myklebust (vikar 1.8.-31.12.2001)

Økonomikonsulent: Berit Krogh

Informasjonskonsulent: Hege Lothe

Skulemålskrivar: Ingar Arnøy

Organisasjonskonsulent: Magnus Bernhardsen

Førstesekretær: Else Elise Sæthre Bullus (50%)

Ekstrahjelp: Eva Marie Mathisen (50 % frå 01.01.02)

Sivilarbeidar: Tarjei Vågstøl

I meldingsåret har talet på årsverk i realiteten lege noko under det oppstillinga gjev uttrykk for grunna sjukemeldingar. Når fødselspermisjonen til dagleg leiar hausten 2001 ikkje fekk synlege fylgjer for drifta, var det fordi vikaren på ein framifrå måte hoppa inn i stillinga og fungerte for fullt frå fyrste dag.

Styret er klår over at den stillingsreduksjonen som vart sett i verk av økonomiske grunnar i fyrste halvår 2001, har ført til høgare arbeidspress på skrivarstova. Dei tilsette skal likevel ha stor ros for å ha greidd å halda aktiviteten og pågangsmotet oppe i denne situasjonen.

Styret har vore oppteke av å stabilisera tilhøva på skrivarstova og freista få ned gjennomtrekken, som i periodar har vore større enn det som godt er. Difor vart det avgjort at den nye reiseskrivaren skulle få tilbod om fast stilling i 100%. Dette gjer sjansane større for å få tak i godt kvalifiserte folk enn om det var ei redusert og/eller mellombels stilling, og det gjer at Noregs Mållag har ein arbeidstakar som kan omdisponerast til andre arbeidsoppgåver dersom det ikkje er grunnlag for å føra organisasjonssatsinga vidare etter prosjektperioden på tre år.

Nemnder og utval

Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåret 2001-2002. Funksjonsperioden står bak namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore og den som er representant no. Reint mellombelse arbeidsnemnder og halvformell representasjon er ikkje ført opp. Lista har berre med dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av AU, leiar eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret. Styret har fylgt den innarbeidde praksisen på at ingen skal ha eit verv i meir enn åtte år.

I Noregs Mållag

Noregs Mållag har ikkje hatt landsmøteoppnemnde nemnder i årsmeldingsperioden.

Nemnd for nynorsk barnelitteraturpris

Elisabeth Aaker 97-99, 99-02

Eivind Karlsen 99-02

Ingeborg Westerheim 00-03

Beate Storm Larsen 02-05

Nemnd for nynorsk litteraturpris

Svein Erik Brodal (Det Norske Teatret) 97, 99-02

Gunnar Foss (Det Norske Samlaget) 96, 99-02

Sylvie Penne 00-03

Fondet for norsk målreising

Rudolf Vik 96, 99-01, 01-03

Kari Bjørke 99-01, 01-03 (leiar)

Håvard Teigen 01-03



Skrivarstova i Noregs Mållag. Frå venstre: Magnus Bernhardsen, Berit Krogh, Hege Myklebust (tidlegare dagleg leiar) og Tarjei Vågstøl. Innfelt: Hege Lothe og Else Elise Satre Bullus.



Kulturpolitiske institusjonar

Norsk språkråd

Oddrun Grønvik 00-04
Vara: Turid Kleiva 00-04
Johan Myking 00-04
Vara: Tor Erik Jenstad 00-04

Rådet for Nynorsk kultursentrum

Grete Riise 01-04
Vara: Steinulf Tungesvik 01-04

Stiftinga Magasinet

Ingeborg Mjør 00-03 (leiar)
Erna Osland 01-04
Elling Hetland 01-04

Styret i Folkekulturforbundet

Magnus Bernhardsen (3. vara) 01-02

Valnemnda i Folkekulturforbundet

Gro Morken Endresen 01-02

Nynorske forretningstiltak

Rådet for Norsk Barneblad

Johs. Bleie 97-99, 99-01, 01-03
Åse Elin Langeland 97-99, 99-01, 01-03
Vara:
1. Gro Morken Endresen 97-99, 99-01, 01-03
2. Inga Lauvdal 97-99, 99-01, 01-03

Styret for Norsk Barneblad

Marit Fjordheim 95-97, 97-99, 99-01, 01-03
Vara: Lise Lunde Nilsen 95-97, 97-99, 99-01, 01-03

Stiftinga Pirion

Kari Bjørke 01-03

Målpolitisk råd for Det Norske Teatret

Rutt Trøite Lorentzen 01-03
Ann Elise Winterhus 99-01, 01-03
Hans Olav Brendberg 98-00, 00-02
Martha Østerås Falch 98-00, 00-02
Anne Nordal Steinsvik 98-00, 00-02
Vara:
Nils Moldøen 01-03
Morten Espeland 98, 99-01, 01-03

Valnemnd for Målpolitisk råd, DNT

Nana Riise 00-02

Nynorsk Pressekontor

Rita Tveiten 99-01, 01-03
Vara: Oddbjørg Austad Starrfelt 99-01, 01-03
Roger Lockertsen 94-96, 96-98, 98-00, 00-02 (leiar)
Einar Schibeveag 02-04
Vara: Sigrun Høgetveit Berg 00-02, 02-04

Nynorskrådet for Fokus Bank

Grete Riise 01
Rådet vart lagt ned i perioden

Fond og legat

Halldor O. Opedals fond

Mona Stormark 00-03
Vara: Torolv Hesthamar 99-02

Sandefjord og Sandar Mållags legat

Håvard Teigen 99-01, 01-03

Akademifondet i Rauland

Rune Christenson 99-03

Oslo Nye Sparebanks Fond

Tor O. Bergum 97, 98-01, 01-04
Vara: Sveinung Helgheim 97, 98-01, 01-04

Anne Røflo Longva og Alf André Longvas Fond

Håvard Teigen 01-03
Vara: Toril Nicolaisen 96, 97-99, 99-01, 01-03



Noregs Mållag har fått mykje nytt profileringsstiltfang, mellom anna mansjettknappar og jakkemerke.

Reiseverksemda

Lista viser dei møta som styremedlemer eller tilsette i Noregs Mållag har delteke på i tidsrommet 16.6.01-19.3.02. Styremøte og mindre møte er ikkje tekne med, heller ikkje interne arbeidsmøte og møte med NMU sentralt. Representantane for Noregs Mållag har halde innleiingar, talar, helsingar eller orienteringar på dei fleste møta som er oppførde. Så godt som alle lokallag og fylkeslag som har bede om det, har fått vitjing.

Dag	Mnd	Stad	Tilskipping	Representant
2001				
21.-24.	06.	Ørsta/Volda	Dei nynorske festspela	Hoel, Ueland
30.	06.	Bergen	Lagssamling Bergen, Hordaland Mållag	Arnøy
06.	07.	Asker	Debattmøte, landsstemna til Noregs Ungdomslag	Hoel
26.	07.	Bryne	Garborg-seminar med Lærarmållaget	Lorentzen, Ueland
02.	08.	Melhus	Landsmøte i LUFS	Arnøy
03.	08.	Molde	Møte om skulemålsrøysting Haukås	Arnøy
04.	08.	Volda	Planmøte, valkampaksjon Ålesund 29/8	Arnøy
13.	08.	Fana	Møte om skulemålsrøysting Nordvik	Arnøy
13.	08.	Seljord	Møte med Telemark Mållag om Norsk Tidend – Telemarkutgåve	Lothe
21.	08.	Oslo	Strategisamling om valkampen, NMU	Lothe
29.	08.	Ålesund	Elevaksjon og demonstrasjon for nynorsk data og læremiddel	Arnøy, Vågstøl
30.	08.	Oslo	Møte om Fokus-strategi, nynorskorganisasjonane	Myklebust
30.	08.	Oslo	Møte med Statskonsult og Læringscenteret om Linux-prosjekt	Hoel
07.	09.	Oslo	Strategimøte om nynorsk barnekulturarbeid med nynorskorganisasjonane	Myklebust
12.-13.	09.	Bærum	Foredrag Bekkestua ungdomsskule	Arnøy
17.	09.	Oslo	Lansering Blåmann Barnebokklubb	Hoel, Myklebust, Lothe
17.	09.	Oslo	Møte med statssekretær N.T. Grønvold og politisk rådgjevar W. Harsvik, KUF	Hoel
18.	09.	Oslo	Presentasjon av rapport om nordisk språkforståing (arr: Voksenåsen)	Hoel, Myklebust
26.	09.	Ørsta	Møte i Nynorsk forum og rådsmøte i Nynorsk kultursentrum	Hoel, Myklebust
29.	09.	Halsa	Hautseminar Nordmøre Mållag	Arnøy
30.9.-5.	10.	Cardiff	Internasjonal språkkonferanse, British Council	Myklebust
08.	10.	Luster	Pirion-kurs	Mjør
11.-13.	10.	Oslo	Globaliseringskonferanse, Attac m.fl.	Hoel, Myklebust, Lothe
13.	10.	Fåvang	Lokallagssamling i Austmannalaget	Arnøy
19.	10.	Oslo	”Ja, no er eg heime att”, Garborgkonferanse	Vågstøl
19.	10.	Oslo	Møte med mediene 2, kurs	Lothe
20.	10.	Balestrand	Bygdemarknad, om barnekultur	Hoel
24.	10.	Oslo	Årsmøte Løvebakken Mållag	Hoel
25.	10.	Bodø	Bodø Mållag: Ope møte om sidemålet	Arnøy
26.-27.	10.	Bodø	Norsk kurs for lærarskulestudentane, HIBO	Arnøy
30.	10.	Oslo	Møte med Helsedepartementet om helseføretaka og mållova	Tungesvik, Myklebust
02.	11.	Volda	Det arabiske i det nynorske, seminar på Ivar Aasen-instituttet	Vågstøl
02.-03.	11.	Bygland	Seminar, Aust- og Vest-Agder Mållag	Hoel
03.	11.	Stavanger	Sidemålsseminar, Rogaland Mållag	Lorentzen
03.-04.	11.	Nordmøre	Fylkessamling og Pirionkurs	Mjør
06.	11.	Oslo	Høyring om statsbudsjettet, Kulturkomiteen	Myklebust, Tungesvik
14.	11.	Oslo	Møte Nynorsk Forum, om statsbudsjettet, saman Løvebakken Mållag	Hoel, Myklebust
14.	11.	Oslo	Debattmøte om Norsk idehistorie, Aschehoug	Hoel
16.	11.	Oslo	Målreising 2006 – planleggingsmøte om forskingsprosjekt	Teigen, Hoel
24.	11.	Oslo	Målpolitisk Råd, Det Norske Teatret	Lorentzen
24.-25.	11.	Oslo	Landsmøte Nei til EU	Lothe

29.	11.	Oslo	Samrådsmøte for lokallaga i Vikværingen	Arnøy
06.	12.	Oslo	Møte i Nynorsk Forum	Myklebust

2002

11.	01.	Oslo	Møte med statssekretær H.O. Bergesen, UFD	Hoel, Dypvik
30.	01.	Trondheim	Årsmøte i Nidaros Mållag	Lorentzen
02.	02.	Oslo	Årsmøte i fylkesmållaget Vikværingen	Endresen
05.	02.	Oslo	Stortingshøyring om mållovsmeldinga	Hoel, Tungesvik
10.	02.	Sarpsborg	Årsmøte i Østfold Mållag	Tungesvik
11.	02.	Oslo	Møte med Lærarmållaget om sidemål m.m.	Lorentzen, Endresen, Arnøy
15.	02.	Oslo	Møte med Helsedepartementet om mållova	Tungesvik, Endresen
15.-16.	02.	Ørsta	Sidemålskonferanse, Nynorsk kultursentrum	Arnøy, Lorentzen
16.-17.	02.	Oslo	Journalist- og mediekurs, Norsk Tidend	Lothe
16.	02.	Tromsø	Årsmøte i Troms og Finnmark Mållag	Høgetveit Berg
17.	02.	Skånøvik	Årsmøte i Karmsund Mållag	Arnøy
17.	02.	Hamar	Årsmøte i Austmannalaget	Mathisen (Norsk Tidend)
18.	02.	Oslo	Årsmøte i Mediemållaget	Lothe
18.	02.	Sparbu	Årsmøte i Sparbyggjen Mållag	Lorentzen
26.	02.	Oslo	Møte med Løvebakken Mållag	Hoel, Endresen
02.	03.	Bø	100-årsjubileum, Bø Mållag	Bjørge
04.	03.	Oslo	Møte med NRK-leiinga (saman Kringkastingsringen og Mediemållaget)	Endresen
06.	03.	Østre Gausdal	Årsmøte i Gausdal dialekt- og mållag	Arnøy
07.	03.	Bekkestua	90-årsjubileum, Bærum Mållag	Bernhardsen
09.	03.	Kristiansand	Årsmøte i Vest-Agder og Aust-Agder Mållag	Lothe
09.	03.	Ørsta	Årsmøte i Sunnmøre Mållag	Bernhardsen
09.-10.	03.	Åsane	Årsmøte i Hordaland Mållag	Arnøy
10.	03.	Etnedal	Årsmøte i Valdres Mållag	Bernhardsen
10.	03.	Gaupne	Årsmøte i Luster Mållag	Hoel
13.	03	Hemsedal	Årsmøte i Hemsedal Mållag	Hoel
15.-17.	03.	Sandane	Landsmøte i Norsk Målungdom	Hoel, Nistad, Lothe
16.	03.	Sandane	Årsmøte i Sogn og Fjordane Mållag	Hoel, Nistad, Lothe,
16.-17.	03.	Stavanger	Årsmøte i Rogaland Mållag	Mjør, Arnøy
18.	03.	Oslo	"Nynorsk inn i IKT-opplæringa" – kontaktgruppa	Lund
18.	03.	Oslo	Årsmøte i Oslo Mållag	Bernhardsen, Lothe
18.	03.	Flekkefjord	Generalforsamling i Bondeheimen AS	Boye Prestegård
19.	03.	Oslo	Toppmøte om Linux-strategi, Skulelinux	Hoel, Lund
19.	03.	Oslo	NRK-møte og årsmøte i Kringkastingsringen	Hoel

Økonomi

<i>Tal i 1000 kroner</i>	REK 98	REK 99	REK 00	LM-vedtak BUD 01	Styre-vedtak BUD 01	REK 01
INNTEKTER						
Sal av materiell	49	45	60	55	65	74
Lysingar og istikk	70	53	119	125	150	132
Tingingsinntekter	85	58	40	75	60	13
Pirion			16			
Kulturlotteri	467	399	350	500	400	292
Medlemspengar	1 830	1 893	1 951	2000	2 000	1 930
Studiearbeid	10	15	15	15	15	14
Møte-/seminarinntekter	218	239	211	220	220	303
Målgåver	774	675	688	650	650	752
Statstilskot	1 240	1 285	1 321	1321	1 361	1 361
Løyvingar og gåver	293	370	415	600	500	491
Andre lagsinntekter	64	55	51	45	45	49
Leigeinntekter			240	250	292	293
Ymse	77	55	29	20	20	32
Sum inntekter	5 177	5 142	5 506	5 876	5 778	5 736
KOSTNADER						
Materiell for sal	41	31	28	50	50	60
Trykkjekostnader	256	309	333	350	355	323
Kulturlotteri	80	74	67	85	85	53
Refusjon medlemspengar	398	429	448	435	435	470
Løn og honorar	2 519	2 061	2 182	2 550	2369	2 084
Husleige, straum	514	534	580	585	600	617
Telefon (og porto)	129	113	137	115	86	91
Porto	421	423	458	400	441	532
Argus	64	75	123	100	65	69
Drifts- og kontorutgifter	315	376	438	330	375	310
Landsmøte/reise	718	521	652	150	170	124
Styre/landsr.møte				160	170	105
Seminar/konf.				140	100	226
Andre møte/reiser				200	205	261
Løyvingar og gåver	35	49	36	35	65	38
Avskrivningar, tap på krav	81	120	125	40	80	114
Sum kostnader	5 571	5 115	5 607	5 725	5 651	5 477
Resultat før finanspostar	-394	27	-101	151	127	259
FINANSPOSTAR						
Utbyte			39			58
Finansinntekter	115	102	98	80	90	99
Finansutgifter	-76	-69	-69	-65	-65	-43
Sum finanspostar	39	33	68	15	25	114
Ekstraord.inntekter	38		3			
RESULTAT	-317	60	-30	166	152	373

Økonomiarbeidet

Dei viktigaste inntektene til Noregs Mållag både lokalt og sentralt er i dag knytte til årspengar, gåver og sal av ymse artiklar, alt saman inntekter som i hovudsak kjem frå medlemene. Me er ein godt stilt organisasjon som har engasjerte, gåvmilde medlemmer, som er vane med å bera kostnadene ved målarbeidet av eiga lommebok. Trass i dette, må me berre innsjå at den interne pengesekken er avgrensa, og at gjevargleda internt truleg har ført til mindre kreativitet rundt eksterne midlar.

Det største potensialet for å tilføre heile organisasjonen meir pengar, ligg i dag gjennom målretta og grundig arbeid mot andre pengesekkar enn våre egne. Dette gjeld både sentrallækken og lokal- og fylkeslaga. Om heile rørsla kunne greia å opparbeida ein nokså god økonomi, vart det òg mykje meir målarbeid å få gjort. Og omvendt: den dårlege økonomien sume stader ute i organisasjonen, vitnar gjerne om låg aktivitet.

Økonomi er eit arbeidsfelt som heile organisasjonen er nøydd til å ta meir alvorleg i tida frametter, særleg ettersom pengar vert viktige til dømes for å lukkast med organisasjons-satsinga som er i startfasen i desse dagar.

Kommentarar til rekneskapen

Rekneskapen for 2001 viser eit gledeleg overskot på kr 373 000. Det var budsjettert med eit overskot på 152 000, som styret i seinare revisjonsvedtak auka til 242 000 grunna underskotet året før. Styret såg på hausten at overskotet kom til å verta noko større enn venta, men er likevel svært nøgd med det endelege resultatet. Driftsrekneskapen kom ut med eit overskot på kr 259 000, men finansinntektene, bankrenter og renteinntekter frå Fondet for norsk målreising gjer at overskotet auka til 373 000. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på kr 326 000. Det må i tillegg nemnast at Skrivarloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) er bokført med kjøpesummen i 1992, medan marknadsverdien truleg er om lag fire gonger så høg.

I tråd med tidlegare års vurderingar, er den største utfordringa på inntektssida, anten å auka målgåvene og loddsalet til nivået dei hadde for nokre få år sidan, eller å finna andre inntektskjelder som kan erstatta den klåre tendensen med jamn nedgang på desse postane. Kulturlotteriet og tingsingsinntektene for Norsk Tidend stod for dei einaste store sprekkane på inntektssida for 2001. Lotteriet er justert ned for dei neste åra, og Norsk Tidend er det gjort greie for nedanfor.

På utgiftssida skil løn og honorar-posten seg ut med stort avvik frå budsjettet. Det kjem i hovudsak av sjukemeldingar og at leiar berre var løna i 50 % stilling frå landsmøtet.

Det har vore brukt mykje tid i 2001 på å halda kontroll med budsjettet, slik at ein skulle vera sikra å nå det budsjetterte overskotet. Styret har prioritert denne oppgåva høgt, og ikkje minst AU har handsama økonomien på mest alle møta i 2001.

Materiell/varer for vidaresal

Posten gjeld sal av tilfang. Den største inntektskjelda i 2001 var bøker som vart selde i kommisjon for Det Norske Samlaget.

Når posten vart betre enn venta, kjem det også av at boka "Kampen for språket" kom ut i november og at me trykte opp mykje nytt saltilfang til haustseminaret.

Lysingar og istikk

Norsk Tidend kom ut med fem nummer i 2001. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Resultatet var noko betre enn budsjettert, men her er det ført 22 000 i lysingsinntekter knytte til Telemarksutgåva. Det reelle resultatet var såleis 110 000, som er akseptabelt, men litt under budsjettmålet.

Tingsingsinntekter

Tingsingsinntektene for Norsk Tidend gjekk kraftig ned i 2001. Ved ein feil vart det ikkje sendt ut faktura til tingarane før på hausten, og ein del av inntektene som gjeld 2001, vil difor fyrst koma i 2002. Tingartalet har gått jamt nedover i fleire år, og arbeidet med å snu denne trenden har ikkje vore prioritert.

Lotteriet

Lotteriet er tufta på frivillig sal ute i laga og direktosal frå skri-varstova. I 2001 selde laga 6 885 lodd, og medlemene kjøpte 10 820 lodd direkte frå skri-varstova. Det vart selt 17 705 lodd av 30 000. Dette salet var lågare enn venta, og i 2000 vart det selt 21 495 lodd av 30 000. Lotteriet vart avslutta 31.12.01.

Årspengar

Dei siste åra har Noregs Mållag hatt ei positiv utvikling i årspengane. I 2001 var det diverre ein medlemsnedgang på 118 medlemmer, og ein tilsvarende inntektsnedgang på 21 000.

Møte-/seminarinntekter

Denne posten inneheld landsmøteavgift og seminarinntekter. Posten er svært høg for meldingsåret, fordi han inneheld inntekter frå Dagskonferansen (Pirion, januar 2001) og haustseminaret i tillegg til dei to vanlege tilskipingane; landsmøtet og vinterseminaret.

Målgåver

Medlemene har også i 2001 gitt gode gåver til arbeidet i rørsla. Landsmøteinnsamlinga på Bryne gav kr 15 431,50. I tillegg inneheld posten 40 000 kroner frå Telemark, som er gåver knytte til finaniseringa av Telemarksutgåva av Norsk Tidend. Her er det også inntektsført om lag 40 000 i medlemspengar som medlemene ved eit uhell betalte dobbelt, grunna ein feil i giroutsendingane frå skri-varstova. Medlemene fekk brev om feilen i sumar med tilbod om å få att pengane, og dei har gjeve tilslutnad til at innbetalinga vert rekna som gåve.

Andre lagsinntekter

Under denne posten vert lagsbruksavgifta frå Norske Lagsbruk ført.

Leigeinntekter

Inntekter frå utleige av skri-varloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) og utleige av kontor til Atlantis og Kringkastingsringen.

Ymse inntekter

Posten inneheld inntektsføring av avsetning til lotterivinstar 2000 og ymse småinntekter.

Løyvingar/gåver

Gåver/tilskot over kr 2 000 frå private:

Sandefjord og Sandar Mållag	30 000
Haugesund Mållag og Ungdomslag	15 000
Haugesund Mållag og Ungdomslag frå 2000	20 000
Anne og Alf Longvas fond frå 2000	20 000
Akademifondet	10 000
Oslo Nye Sparebanks Fond	10 000
Halldor O. Opedals fond	7 500
Naumdøla Mållag	3 000
Det Norske Samlaget	3 000
Sum, gåver/tilskot frå private	120 500

Offentlege tilskot

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdep.	200 000
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdep.	30 000
Utanriksdepartementet ⁰ overført til 2002	30 000
Kommunal- og regionaldepartementet frå 2000	140 000
Sum, offentlege tilskot	370 000

Trykkjekostnader

Under denne posten ligg det også 30 000 i ekstrakostnader med Telemarksutgåva av Norsk Tidend. Trykkjekostnadene har såleis vore mykje lågare enn budsjettet, grunna stram styring og varsemnd i høve til å setja i gang nye prosjekt.

Refusjon av medlemspengar

Nær på 400 000 er utbetalt i refusjon t.o.m. februar 2002. Samla utrekna refusjon er høgare enn normalt, noko som truleg kjem av at lag har endra medlemsstatsane sine og at fleire lokal- lag enn tidlegare stettar krava til å få utbetalt refusjonen.

Løn og administrasjon

Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, revisjonshonorar, honorar til innleiarar på kurs og seminar, prosjektrekta arbeid og honorar til skribentar i Norsk Tidend. Lønskostnadene er noko lågare enn budsjettet grunna sjukemeldingar. Refusjon av sjukepengar er ført her. Eit detaljert oversyn over stillingar og tilsette står ovanfor under «Skrivarstova». Dagleg leiar er plassert i lønssteg 45 i statsregulativet.

Husleige og straum

Posten inneheld husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kostnader til husværet i Schweigaardsg. 52 er òg førte her. Husleigeposten er bruttoført. Det vil seia at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

Telefon

Telefonutgiftene for 2001 vart monaleg lågare enn året før

grunna avtale med annan og langt rimelegare leverandør av internett-tenester. Noregs Mållag har internettilknytning på alle arbeidsplassane sine og gjekk våren 2001 over til raskare fastlinetilkopling.

Porto

Forklaringa på sprekken for porto i høve til budsjettet er mellom anna at Telemarksutgåva av Norsk Tidend ligg inne her med 55 000 kroner. I tillegg har feil i medlemsregisteret òg ført med seg ekstra portokostnader i samband med oppryddingane som måtte til.

Driftsutgifter

Ein av dei største underpostane er leige av kopimaskin med driftsavtale. Maskinen fungerer òg som felles skrivar for datamaskinane. Noregs Mållag skriv ut målgåvegiroar, Nytt om nynorsk og ein del anna materiell på denne maskinen. IT-kostnader, m.a. kostnader til heimesida, er òg førte under denne posten. Ein annan stor utgiftspost er rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvoluttar og anna driftsmateriell. Posten vart betre enn budsjettet, m.a. fordi det ikkje vart lyst ut stillingar eller kjøpt andre større lysingar i 2001. Det har også vore stram styring når det gjeld nyinvesteringar på kontorsida.

Møte-/reiseutgifter

Desse postane inneheld møte- og reiseutgifter i samband med landsmøte, landsrådsmøte, styremøte, lagsvitjingar og andre møte og reiser. Samla er sprekken på reisepostane på 70 000 kroner då landsmøtet vart noko rimelegare enn budsjettet. Forklaringane på dei auka kostnadene er at vinterseminaret var ei etter måten dyr tilskipping samanlikna med tidlegare seminar og at det på hausten vart eit haustseminar i staden for eit landsrådsmøte, noko som ville vore ei rimelegare løysing. Denne posten må likevel sjåast i samheng med seminarinntektene, som òg har vore høgare enn vanleg. Dessutan har vi fått merka det høgare prisnivået på m.a. flyreiser.

Gåver og tilskot frå Noregs Mållag

Nynorsk litteraturpris	15 000
Nynorsk barnebokpris	15 000
Luster Mållag – oppstart	1 000
Dagskonferansen Pirion	7 340
Sum, gåver og tilskot	38 340

Avskrivningar/tap på krav

Nokre av investeringane på ombygging av kontora er aktiverte i 2000. Datautstyr og ombygging er avskrive med kr 78 898 i 2001. Ombygginga blir avskriven over 5 år, den same perioden som Noregs Mållag har avtale om leigeinntekter for. Det er avsett kr 30 000 til tap på krav i 2001.

Finanspostar

Finansposten inneheld overskot frå Fondet for norsk målreising i 2001 og renteinntekter frå ymse bankkontoar. Renteutgiftene inneheld renter på lån og gebyr.

Balanse

Balanse per 31.12	Notar	2000	2001
Eige			
Bank og post	1	133 873	264 451
Mellomrekning Fondet		74 848	66 894
Opptente inntekter	2	203 424	394 121
Materiell	3	74 554	91 809
Sum omlaupsmidler		486 699	817 275
Luter	4	226 200	226 200
Depositum		9 500	-
Partar i Fondet for norsk målreis.		533 000	533 000
Bundne bankinnskott	5	198 050	198 050
Inventar	6	184 361	105 463
Husvære	7	326 070	326 070
Sum anleggsmidler		1 477 181	1 388 783
Sum eige		1 963 880	2 206 058
Skuld og egenkapital			
Leverandører		178 602	379 207
Skuldige medlemspengar		331 951	353 346
Skuldige offentlege trekk/avgifter og feriepengar		330 543	350 879
Anna kortsiktig skuld	8	288 489	173 246
Brukskonto		195 288	-
Sum kortsiktig skuld		1 324 873	1 256 678
Gjeldsbrevlån	9	332 490	269 154
Nedlagde/sovande lag		5 125	5 623
Sum langsiktig skuld		337 615	274 777
Husfond	10	348 050	348 050
Sum fond		348 050	348 050
Eigenkapital pr 1.1.		-16 845	-46 658
Årsoverskot/underskot		-29 813	373 211
Sum egenkapital		-46 658	326 553
Sum skuld og egenkapital		1 963 880	2 206 058

Notar til balansen 2001

- 1) Av bank- og postinnskott er kr 72 548,- bundne til skatte-trekk.
- 2) Opptente inntekter inneheld uteståande krav på materiell og loddosal som er innkomne i 2002, men som gjeld for 2001.
- 3) Noregs Mållags lager av ryggsekker, t-skjorter, bøker o.a. oppført til innkjøpsverdi.

4) Noregs Mållag har luter i:

	Kostpris	Bokf.verdi	Reell verdi
Det Norske Teatret 23 stk	11 200	0	0
Orkla A-aksjar 276 stk	16 200	42 504	
Dag og Tid 250 stk	10 000	10 000	8 797
Bondeheimen AS 15 stk	75 000	75 000	83 565
Dag Bondheim AS 75 stk	75 000	75 000	0
Norsk Plan-Nynett 5 stk	50 000	21 629	
Sum		226 200	156 495

Den verkelege verdien av lutane er usikker.

5) Bundne bankinnskott

Depositum husleige Kirkegt. 32		198 050
Sum		198 050

6) Inventar

Opphavleg verdi	867 317
Tilgang 1999	119 961
Tilgang 2000	183 417
Avskrive	-1 065 232
Verdi pr. 31.12.00	105 463
Avskrivning i år	78 898

7) Husvære i Schweigaards gate 52, Oslo

Oppført verdi kr 326 070. Innkjøpt for kr 326 070 i 1992. Noregs Mållag hadde takst på husværet i Schweigaardsgt. i februar 1999. Marknadsverdien var sett til kr 750 000 og låneverdi kr 650 000.

8) Kortsiktig skuld

Inneheld m.a., avsetjing til lotterivinstar og avsetjing til revisjons-kostnader 2001.

9) Gjeldsbrevlån - Hardanger Sparebank

Opphavleg lån frå 1995	500 000
Lån til datautstyr	
Overf. frå Gjensidige i 1997	105 000
Restlån husvære Schweigaardsgt. 52	
Rest per 31.12.01	269 154

10) Husfondet består av

Depositum husleige	198 050
Luter i Dag Bondeheim AS, Skien og Bondeheimen AS, Flekkefjord	150 000
	348 050

Noregs Mållag har stilt garanti for Norsk Målungdom på kr 100 000 til Den norske Bank.

Revisormelding for årsrekenkapen til Noregs Mållag

VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert revisor

Medlemmer av
Den norske Revisorforening

Øyvind Løvstad

Statsautorisert revisor

Per-Arne Auster

Statsautorisert revisor

Rolf Steinar Bjørge

Registrert revisor

Til årsmøtet i
Norges Mållag

REVISORMELDING FOR 2001

Vi har revidert årsrekenkapen for **Norges Mållag** for regnskapsåret 2001 som syner eit årsoverskot på kr 373.211. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekenkapen, føresemden om at drifta skal halde fram. Årsrekenkapen er samansett av resultatrekenkap og balanse. Årsrekenkapen og årsmeldinga er lagde fram av styret. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekenkapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekenkapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekenkapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekenkapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltningen av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Verden av lutane, kr. 226.200,- kan vere overvurdert.

Vi meiner, med unntak av etterhaldet ovanfor, at

- ❖ årsrekenkapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for stiftinga si økonomiske stilling 31. desember 2001 og for resultatet i regnskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk.
- ❖ leinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk.
- ❖ opplysningane i årsmeldinga om årsrekenkapen og føresemden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekenkapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Oslo den 18.mars 2002

VARDENS REVISJONSKONTOR AS

Per-Arne Auster

Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor

Postadresse: Postboks 806 Sentrum 0104 Oslo
Besøksadresse: Skippergt. 33
Telefon: 22 42 21 75
Telefax: 22 42 67 72
Bank giro: 8200 01 64840
Foretaksregisteret NO 930 462 551
(Revisjonsnummer)
e-mail: vardens.revisjonskontor@vardens.no

Revisormelding for årsrekenkapen til Fondet for norsk målreising

VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert revisor

Medlemmer av
Den norske Revisorforening

Øyvind Løvstad

Statsautorisert revisor

Per-Arne Auster

Statsautorisert revisor

Rolf Steinar Bjørge

Registrert revisor

Til årsmøtet i
Fondet for Norsk Målreising

REVISORMELDING FOR 2001

Vi har revidert årsrekenkapen for **Fondet for Norsk Målreising** for regnskapsåret 2001 som syner eit underskot på kr 129.386. Årsrekenkapen er samansett av resultatrekenkap og balanse. Årsrekenkapen er lagt fram av styret. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekenkapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekenkapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekenkapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekenkapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltningen av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- ❖ årsrekenkapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for stiftinga si økonomiske stilling 31. desember 2001 og for resultatet i regnskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk.
- ❖ leinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk.

Oslo den 18.mars 2002

VARDENS REVISJONSKONTOR AS

Per-Arne Auster

Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor

Postadresse: Postboks 806 Sentrum 0104 Oslo
Besøksadresse: Skippergt. 33
Telefon: 22 42 21 75
Telefax: 22 42 67 72
Bank giro: 8200 01 64840
Foretaksregisteret NO 930 462 551
(Revisjonsnummer)
e-mail: vardens.revisjonskontor@vardens.no

Fondet for norsk målreising

Årsmelding for 2001

Fondet for norsk målreising er skipa for å sikra den økonomiske innkoma til Noregs Mållag. Etter vedtektene skal fondsmidelen plasserast på høgste rente i bank eller på annan sikker og renteberande måte eller i aksjefond med god risikospreiing. Målet er at Noregs Mållag kvart år skal få overført ein pengesum tilsvarande om lag renta i pengemarknaden, rekna av verdien av fondet ved inngangen av året. Pengane kan brukast i den daglege drifta av samskipnaden. Fondet kan elles berre brukast til garanti for Noregs Mållag. Innskytarane kan teikna partar à kroner 1000 og må binda innsatsen sin i minst fem år.

Fondsstyret vedtok i 2001 desse retningslinjene for plassering av midlane i fondet: Om lag 40 % skal plasserast i bankinnskott, obligasjonar og pengemarknadsfond. Resten skal plasserast i norske og utanlandske aksjefond. Det skal ikkje plasserast midlar i enkeltaksjar eller i bransjefond.

Fondsstyret har vedteke følgjande for utdeling av avkasting frå fondet til Noregs Mållag for 2001: kr 81 664. Dette er 6,9 pst (pengemarknadsrenta for året) av fondsmidelen ved inngangen til året. Dette sikrar at NM får ein rimeleg del av avkastinga av fondet. Styret har som målsetjing å kunne utbetale om lag det same til Noregs Mållag kvart år. Det er vidare ein klar føresetnad at realverdien av fondet sett over tid skal oppretthaldast.

Fondet vert leia av eit styre på tre personar, alle oppnemnde av styret i Noregs Mållag for to år om gongen. I meldingsåret har desse site i fondsstyret: Kari Bjørke (leiar), Håvard Teigen og Rudolf Vik. Dagleg leiar i Noregs Mållag er skrivar for fondsstyret.

Styret har hatt eitt møte i meldingsåret.

Det er ikkje teikna nye partar i fondet i 2001. Det vart utbetalt 40 000 i mai 2001 i partar som var sagde opp. Det er eitt års oppseiingstid på partar i fondet.

Fondsstyret har i meldingsåret stilt garanti på kroner 89 250 for drifta av Kulturlotteriet 2001.

Ved utgangen av året, etter utdeling av avkasting til Noregs Mållag, hadde fondsmidelen ein verdi på 1 014 165 kroner mot 1 183 550 ved utgangen av 2000. Fondet har 230 innskyttarar og Noregs Mållag har 533 av i alt 992 partar à 1000 kr.

Resultatrekneskap

	1999	2000	2001
Inntekter			
Bankrenter		10 232	16 426
Renter på obligasjonar	22 217	10 942	8 619
Utbyte		6 300	
Urealisert verdiauke fond		86 874	-72 767
Forteneste aksjesal		25 509	
Sum inntekter	22 217	139 857	-47 722
Kostnader			
Driftskostnader	0	0	0
Utbetalt andel NM		84 623	81 664
Sum kostnader	0	84 623	81 664
Overskot/underskot	22 217	55 234	-129 386
Disponert til fri eigenkapital	22 217	-31 640	-129 386
Disponert til verdinedgang			72 767
Disponert til andel verdiauke		86 874	
Sum disponert	22 217	55 234	-56 619

Balanse

	1999	2000	2001		1999	2000	2001
Eigedelar				Eigenkapital og skuld			
Omlaupsmidlar				Eigenkapital			
Krav	0	0	0	Over/underskot	0	0	0
Opptente renter	8 628	7 852	7 101	Sum over/-underskot	0	0	0
Sum krav	8 628	7 852	7 101	Opptent eigenkapital			
Investeringar				Verdiauke fond	103 156	190 030	117 264
OBLIGASJONAR				Fondsmiddel 01.01	1 011 000	1 025 160	993 520
*BYKREDIT	5 000	0	0	Utbetalte partar -98	-2 000		-40 000
*NORSKE STAT				Nye partar NM	23 000		
1986/2003	34 000	22 000	10 000	Verdiauke aksjar i			
1996/2007	100 000	100 000	100 000	høve til 1998	-6 840		
Firstnordic Universal	117 511	125 411	115 320	Tilført frå resultat		-31 640	-56 619
Firstnordic Norsk Likviditet I	116 356	123 640	132 762	Sum eigenkapital	1 128 316	1 183 550	1 014 165
Firstnordic Norge II	102 180	110 794	96 496	Skuld			
Firstnordic Norge II	174 389	189 091	164 689	Avsett for skuld/ NM		74 848	66 066
Fidelity European Growth	197 971	246 344	213 246	Sum kortsiktig skuld		74 848	66 066
Aksjar				Sum skuld		74 848	66 066
DNB A-aksjar	39 480	0	0	Sum eigenkapital og skuld		1 258 398	1 080 231
Christiania Bank og							
Kredittkasse A-aksjar	55 300	0	0				
NM skuldar fondet	233	0	0				
Sum investeringar	942 420	917 280	832 513				
Bankinnskot, kontantar og liknande							
Bankinnskot	177 268	333 266	240 617				
Sum bankinnskot	177 268	333 266	240 617				
Sum omlaupsmidlar	1 128 316	1 258 398	1 080 231				
Sum eigedelar	1 128 316	1 258 398	1 080 231				

Fondet har stilt lotterigaranti for Kulturlotteriet i 2001 på kr 89 250,-. Fondet har stilt lotterigaranti for Kulturlotteriet 2000 på kr 90 772,-. Frigjeven 11. mai 2001.



Litt av det nye tilfanget som er til sals frå Noregs Mållag.

Foto: Hege Lothe

Inga og Gjøa Lutros legat

Rekneskap

Renter 2001	34 654
Overført til Noregs Mållag	34 654

Balanse

Aktiva	
Bankinnskott	602 678
Passiva	
Legat	602 678

Kulturlotteriet 2001

Rekneskap

Inntekter	
Loddsal	292 135
Sum inntekter	292 135

Kostnader	
Vinstar	52 658
Trykking	26 649
Porto	29 888
Administrasjon	30 000
Gebyr	3 250
Sum utgifter	142 445

Overskot	149 690
-----------------	----------------

VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
Den norske Revisorforening

Øyvind Løvstad
Statsautorisert revisor
Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor

Rolf Steinar Bjørge
Registrert revisor

Til Årsmøtet i
Inga og Gjøa Lutros Legat

VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
Den norske Revisorforening

Øyvind Løvstad
Statsautorisert revisor
Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor

Rolf Steinar Bjørge
Registrert revisor

Til
Noregs Mållag
Oslo Politikammer

REVISORMELDING FOR 2001

Vi har revidert årsrekneskapen for **Inga og Gjøa Lutros Legat** for rekneskapsåret 2001 som syner eit resultat på kr 0 etter at renter kr. 34.654 er overført til Noregs Mållag. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap og balanse. Årsrekneskapen er lagt fram av styret. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.


Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltningen av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- ❖ årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for stiftinga si økonomiske stilling 31. desember 2001 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk.
- ❖ leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk.

Oslo den 18. mars 2002

VARDENS REVISJONSKONTOR AS


Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor

REVISJONSMELDING LOTTERIREKNEKAP 2001

Vi har kontrollert loddlotterirekneskapen for Kulturlotteriet 2001 for Noregs Mållag. Rekneskapen, som kun er samansett av resultatrekneskap, viser et overskot på kr. 149.690,-.

Rekneskapen omfattar lodder solgt fram til utløpsdato 31. desember 2002.

Vi har kontrollert at det foreligger dokumentasjon for samtlige kostnader, inklusive ubetalte gevinster, og at inntektene stemmer overens med antall solgte lodder. Avviket mellom bokført inntekt og maksimalt tillatt antall solgte antall lodder er verifisert.

Lotterirekneskapen følger de lover og regler som regulerer avviklinga av lotteriet.

Oslo, den 18. mars 2002

VARDENS REVISJONSKONTOR AS


Per-Arne Auster
statsautorisert revisor

Postadresse:
Postboks 806 Sentrum
0104 Oslo

Besøksadresse:
Skippergt. 33

Telefon: 22 42 21 75
Telefax: 22 42 67 72
Bankgiro: 8200 01 64840

Foretaksregisteret NO 930 462 551
(Revisorsnummer)
e-mail: vardens.revisjonskontor@vardens.no

Postadresse:
Postboks 806 Sentrum
0104 Oslo

Besøksadresse:
Skippergt. 33

Telefon: 22 42 21 75
Telefax: 22 42 67 72
Bankgiro: 8200 01 64840

Foretaksregisteret NO 930 462 551
(Revisorsnummer)
e-mail: vardens.revisjonskontor@vardens.no

Norsk Målungdom

Norsk Målungdom arbeider både for å få fleire til å ta i bruk nynorsken og for å sikra rettane til dei som nyttar nynorsk. Også i denne perioden har organisasjonen arbeidd mykje med spørsmål knytt til språkleg rettferd. Det er tydeleg at omorganiseringa av læremiddelbyråkratiet får store konsekvensar for nynorske læremiddel. Det kjem stadig til nye hindringar, og det ser ut til at ingen lenger har ansvar for feltet. Til dømes har det ikkje vorte betalt ut stønad til produksjon av parallellutgåver av lærebøker sidan 1999. I dag er NMU i full gang med å planleggja aksjonar for å få att løyvinga og for å få plassert ansvaret.

I 2000 lova Norsk Målungdom å halda fram kampanjen for nynorske dataprogram heilt til dei nynorske programma fanst ute i skulane. Ettersom Utdanningsdepartementet ikkje såg ut til å ha lyfta ein finger i løpet av året, ynskte NMU å reisa spørsmålet på nytt i valkampen. Her samarbeidde NMU med mållaga på Sunnmøre og NM sentralt. Målet var å laga ein stor demonstrasjon i samband med NRK sitt folkemøte om utdanning i Ålesund. Trass i at det var rett etter skulestart, gjekk mobiliseringsarbeidet strålende, og 800 illsinte elevar kom inn til Ålesund for å demonstrera. Giske sin rådgjevar, Wegard Harsvik, møtte opp på demonstrasjonen for å svara for kva regjeringa hadde gjort for nynorsk data. Han fortalde at Utdanningsdepartementet hadde sikra at dei nye elektroniske samfunnslærebøkene kom til same tid på nynorsk og på bokmål, og at dei ville gå inn for å sikra dataprogram på nynorsk frå hausten 2003. Seinare på dagen uttala Giske til «Her og Nå» på NRK P1 at nynorsk var ei veldig viktig sak for han. Aksjonen fekk med andre ord gjennomslagskraft. No ser det ut til at saka har stoppa opp på nytt etter at den nye politiske leiinga inntok departementet.

Dette året har NMU knytt nærare allianse til Skulelinux-gruppa, som arbeider for å skaffa eit reelt tospråkleg alternativ til Microsoft sine program i skulen. Dette arbeidet kjem til å halda fram i neste periode.

I samband med valkampen la dei også opp til eit nytt



Sentralstyret, landsstyret og skrivearstova i NMU.



Astrid Dypvik (leiar), Ragnhild Ås (dagleg leiar) og Eva Marie Mathisen (nestleiar).

Foto: Hege Lothe

aktivt forsvar for sidemålet, fordi sidemålsaka ofte kjem opp i skuledebattar landet over. NMU starta difor skulering på sidemålsargumentasjon, og gav ut 3 utgåver av «Nytt om sidemål» og fekk laga eit sidemålshefte. Dette heftet inneheldt argument for sidemålet og bakgrunnsinformasjon om emnet. Dette heftet vart selt til ungdomspolitikarar som trong oppdateringar på sidemålsargumentasjon i samband med valkampen, og til eigne medlemmer.

2001 er elles det året der NMU for alvor har kome i gang med internasjonalt arbeid. Landsstyret har laga framlegg til internasjonalt program som vart vedteke på landsmøtet i 2002. Sumarleiren var på Færøyane. Dette var den største sumarleiren sidan 1994, og han var eit stort lyft for heile organisasjonen. Hovudemna for leiren var færøysk sjølvstende og færøysk målreising. NMU fekk god kontakt med den færøyske sjølvstenderørsla, spesielt med den største færøyske ungdomsorganisasjonen Unga Tjoðveldið. Den færøyske varalagmannen Høgni Hoydal kom på leiren for å fortelja om den færøyske sjølvstendeprosessen, og Johán Hendrik Winther Poulson, som er professor i færøysk språk kom for å fortelja om færøysk målreising. Norsk Målungdom deltok også under demonstrasjonane mot EU-toppmøtet i Gøteborg i juni 2001.

I perioden har medlemstalet i Norsk Målungdom gått ned. Dette har to hovudårsaker. For det fyrste har gamle medlemmer vortne oppmoda om å melda overgang til Noregs Mållag. Kvart år har organisasjonen store utskiftingar i medlemsmassen, og det er ikkje verva nok nye folk. Vervekampanjen i 2001 var mykje mindre enn i 2000, og i 2001 har det vore færre målferder enn vanleg. Dette kom av mangel på folk og pengar.

På mange måtar har 2001 vore eit hardt år, med knappe økonomiske ressursar og medlemsnedgang. Samstundes er det òg mykje positivt. NMU har fått gjennomslag i læremiddelarbeidet, dei elektroniske lærebøkene i samfunnsfag ville ikkje ha kome på nynorsk utan deira innsats, det har kome mange positive attendemeldingar på sidemålsarbeidet og det internasjonale arbeidet har kome i gang.

Nærskylde tiltak

Garborg-året 2001

www.garborg.no

Garborg-året 2001 var eit nasjonalt jubileum for Arne og Hulda Garborg. 25. januar var det 150 år sidan Arne Garborg var fødd. Denne dagen vart òg startskotet for ein nasjonal kulturdugnad. Kommunane Time, Tynset, Asker og Oslo var hovudstiftarar og ansvarlege for markeringa i Asker og Oslo, Nord-Østerdalen og Jæren. Administrasjonen av stiftinga Garborg-året 2001 vart lagd til Bryne og koordinerte landsdekkjande tiltak. Det vart ei fornya interesse for Arne og Hulda Garborg i året, mellom anna gjennom bokutgjeingar, teater, konsertar, Garborg-turar i inn- og utland, utstillingar, seminar, konferansar, kulturkveldar, vandringar og endå mykje meir.

Garborg-året 2001 nådde ut til om lag 1,3 millionar folk i Noreg, om ein tek med sjåar- og lyttartala til dei viktigaste programma på NRK. Heile 95 000 var publikum på ei av dei om lag 520 tilskipingane. Garborg-året 2001 er offisielt avslutta, men fleire av prosjekta som vart sette i gang i løpet av året vil framleis vera i bruk. Mellom anna er det vedteke at nettsidene skal vidareførast, under namnet Nettstaden garborg.no. (Sjå òg side 19.)

Nynorsk kultursentrum

www.aasentunet.no

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting skipa 1993 med hovudføremål å arbeida for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga eig og driv den nye nasjonale kulturinstitusjonen Ivar Aasen-tunet i Ørsta, som vart opna 22. juni 2000, og Dei Nynorske Festspela.

Ivar Aasen-tunet er eit dokumentasjons- og opplevings-senter for nynorsk skriftkultur. Måla for arbeidet er å

- gjera det lettare å vera nynorskbrukar,
- styrkja den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane, og
- skapa større ålmenn forståing for nynorsk skriftkultur.

Etter det vellukka opningsåret vart det viktige og vanskelege andreåret 2001 i overkant av det ein kunne rekna med. På kort tid har dermed det nye nasjonale dokumentasjons- og opplevings-senteret for nynorsk skriftkultur kome langt både i sitt faglege og publikumsretta arbeid. For femte år på rad legg stiftinga fram ein årsrekneskap med positivt resultat. Omsetninga var på 7,8 mill kr og drifta gav eit overskot på 94 000 kr. Dei hadde 18400 gjester i 2001 og har så langt hatt nær 38 000 gjester sidan opninga i 2000.

Samlingane av bøker og skrifter auka med over 30 pro-

sent i 2001 og omfattar no 28 000 titlar. Samlingane opnar for mange typar fagleg dokumentasjonsarbeid og stiftinga arbeidde i 2001 systematisk og målretta med grunnlaget for ein nasjonal nynorsk kunnskapsbase, i nært samarbeid med Det Norske Samlaget.

I 2001 vart det laga fire nye temaustillingar og tre forfattarpresentasjonar. Frå og med opninga 2000 er det presentert 7 nye temaustillingar. Det var gjennomført 95 eigne kulturarrangement i 2001 med heile 900 utøvarar. Frå og med opninga har det vore 177 eigne arrangement. Med 20 Garborgtilstellingar var Ivar Aasen-tunet eit femte tyngdepunkt i Garborg-året 2001 utanom dei fire Garborg-kommunane.

Den lokale og regionale velviljen som vart etablert gjennom arbeidet fram mot opninga og utover i opningsåret, har stått ved lag i 2001. Dermed har det vore mogleg å retta meir merksemd mot det nasjonale og internasjonale. Ivar Aasen-tunet skal til no ha vorte presentert eller omtala i Danmark, Nederland, Italia, Russland og USA.

Styreleiar i 2001 var professor Narve Bjørgo, direktør Ottar Grepstad. Ved utgangen av 2001 hadde Nynorsk kultursentrum 9 fast tilsette medarbeidarar.

Dag og Tid

www.dagogtid.no

Dag og Tid AS gjev ut vekeavisa Dag og Tid. Litteratur- og kulturstoffet held høg kvalitet, og innanfor dei litterære miljøa i Noreg er Dag og Tid ei mykje lesen avis. I fjor gav redaksjonen også ut to spesialaviser om Hulda og Arne Garbog.

Dag og Tid kom i 2001 ut med 52 nummer i 50 utgåver.



Ivar Aasentunet i Ørsta.

Foto: Nynorsk kultursentrum

Opplaget i 2001 vart på 6667. Det er ein framgang på 5,6 % frå 2000.

Selskapet driv òg forlagsverksemd. Både Ivar Aasen-almanakken og Nynorsk språknøkkel selde bra i 2001. Verksemda held til i Pilestredet 8 i Oslo.

Svein Gjerdåker vart tilsett som ny redaktør frå hausten 2001 etter Audun Skjervøy. Arne-Ivar Kjerland har vore disponent og Hans. H. Skei styreformann i selskapet.

Norsk Barneblad

www.norsk-barneblad.no

Norsk Barneblad kjem ut med to nummer i månaden og er eit reklamefritt pustehol for barn og unge. Her kan dei sjølv skriva og diskutera, samt lese teikneseriar og anna godt lesestoff. Bladet har kome ut sidan 1887. Viktigaste arbeidsoppgåver i 2001 har vore å laga nye heimesider på Internett, tilpassa ny lay-out og logo. Dei nye sidene inneheld eit eige diskusjonsforum som er svært populært. Årsresultat for 2001 vart som budsjettert. Opplaget er på om lag 5 000.

Styreleiar er Marit Fjordheim, og ansvarleg redaktør og dagleg leiar er Nana Rise.

Stiftinga Pirion

Stiftinga Pirion er ei ideell stifting med hovudføremål å gje ut kulturavisa Pirion, ei avis som stimulerer og inspirerer til kulturarbeid for alle som arbeider med barn. Pirion rettar seg særleg mot det pedagogiske personalet i barnehagen, men er også godt eigna for lærarar på småskulesteget. Avisa opererer med eit breitt kulturomgrep, har høg kvalitet, og prøver å kombinera det praktiske og det prinsipielle.

Det er også utvikla eit Pirion-kurs, eit kurs om kulturformidling i barnehagen. Det er retta mot det pedagogiske personalet, og har som oppgåve å auka refleksjonen kring barnehagen si rolle som kulturformidlar i det moderne mediasamfunnet. Kurset gjev idear og inspirasjon til det praktiske arbeidet i barnehagen. Ansvarleg for det faglege opplegget er Ingeborg Mjør. Kurset vert etter avtale tilbode gjennom Landsmanslutninga av nynorsk-kommunar.

Pirion kom ut med tre nummer i 2001, og hadde ved årskiftet 615 tingarar. Eit abonnement for 2002 kostar 150 kroner. Avisa er støtta av Norsk Kulturfond, ei støtte

som avisa i dag er heilt avhengig av. Avisa har også gode støttespelarar i mange lokallag i Noregs Mållag, lag som fremjar kulturarbeid for barn gjennom å tinga Pirion til barnehagar i områda sine.

Stiftinga vart oppretta av Noregs Mållag og Landssamslutninga av nynorsk-kommunar i februar 2001. Styret har tre medlemmer. Stiftarane oppnemner ein kvar, i tillegg oppnemner Norsk Barneblad ein. I styret no sit Kari Bjørke, styreleiar, Einar Schibevaag, nestleiar og Nana Rise. Lektor og førskulelærar Ingeborg Mjør er redaktør for avisa.

Stiftinga Magasinet

www.magasinet.no

Stiftinga Magasinet har ansvar for nettidsskriftet Magasinet. Tidsskriftet er eit internettmagasin for ungdom, redigert på nynorsk med adresse Pilestredet 8 i Oslo. Stiftinga er skipa av Noregs Mållag som oppnemner styre, medan firmaet Norsk Plan Nynett har ansvar for drifta.

2001 var femte driftsåret til Magasinet, og drifta vart også i år hovudsakleg finansiert gjennom støtte frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF) som løyvde 250 000 kr til drifta. Tidsskriftet fekk i tillegg støtte frå Norsk Kulturfond, Riksfondet for nynorsk presse, Longva-fondet, Akademifondet og frå Oslo Nye Sparebanks fond.

Magasindelen med originalskrivne tekstar av kjende nynorske forfattarar og spaltistar utgjer hovudtyngda av det redaksjonelle stoffet i Magasinet. Lesarstatistikken syner også at dette er det mest populære stoffet.

Magasinet vert oppdatert kvar fjortande dag, med om lag fire nye saker kvar gong. Magasinet hadde ved utgangen av året nærare 10 000 treff i månaden. Dette er ein klår auke frå året før, og talet ser ut å halda fram med å stiga jamt.

Margunn Sundfjord har vore redaktør (30 %) fram til midten av august 2001, då ho gjekk ut i fødselspermisjon. Malin T. Petterson tok då over som redaktør (vikariat). Ingeborg Mjør har hatt styreleiarvervet i 2001.

Noregs Ungdomslag

www.norung.no

Noregs Ungdomslag vart skipa i 1896, og er ein organisasjon som samlar ungdomslag på bygdene og bondeungdomslag i byane over heile landet. Laget har som mål «å arbeide for folkeleg opplysning på fullnorsk grunn og for samhald og samarbeid mellom ungdomen.» Organisasjonen er ein av dei mest allsidige kulturorganisasjonane i landet og har i overkant av 17 000 medlemmer i over 400 lokallag og 27 fylkeslag. NU er mellom anna den største folkedansorganisasjonen i landet med 350 grupper, den største amatørteaterorganisasjonen i landet med 150 grupper, den største kjeda av diskotek i landet med 75 diskotek og den største organisasjonen for kulturhus med 350 registrerte hus. Sjølv om mykje av aktiviteten i lokallaga er



knytt til dei fire grunnsteinane dans, teater, bunads- og samfunnsarbeid, har ungdomslagsrørsla eit unikt mangfald i aktivitetar. I ungdomslaga har lokalsamfunna ein stad der ulike generasjonar møtest og saman tek vare på norsk kulturarv. I heile landet sit ungdomslag med store kulturhistoriske verdiar.

Noregs Ungdomslag held til i same bygarden som Noregs Mållag, og har ein del praktisk samarbeid med Mållaget. Ti lokallag er med både i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Ungdomslaget har gått gjennom ei rasjonalisering på kontoret sentralt og har no 4 årsverk og styreleiaren betalt i 40% stilling. I 2000 innførte Noregs Ungdomslag lagskontingent i staden for at einskildmedlemene skulle betala sentral kontingent. Denne modellen skal opp til revisjon på årsmøtet i 2003. I 2001 hadde Noregs Ungdomslag om lag 17 000 medlemmer. Leiar er Johan Einar Bjerkem, dagleg leiar er Marit Jacobsen.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar

www.lnk-nytt.no

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Organisasjonen har 106 medlemmer, av desse er 102 kommunar og fylkeskommunar.

LNK heldt landsting på Bryne i juni 2001 og vedtok då eit handlingsprogram der arbeidet med nynorsk barnekultur og nynorsk og data er prioritert. Eit anna viktig arbeidsområde er nynorskopplæring i det offentlege. LNK tilbyr for tida to større språkkurs for saksbehandlarar i kommunar og i statsadministrasjonen, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkjer heile Noreg. Elles arbeider organisasjonen nær saman med Noregs Mållag gjennom stiftinga Pirion. Stiftinga held kurs for tilsette i barnehagar og gjev ut avisa Pirion som er eit informasjonstilbod til tilsette i barnehagar.

Ordførar i Ørsta, Nils Taklo, er styreleiar i LNK, medan Vidar Høviskeland er dagleg leiar.

Folkekulturforbundet

www.folkekultur.no

Folkekulturforbundet skal organisera og leggja tilhøva til rette for folkeopplysning og opplæring i medlemsorganisasjonane innanfor ramma av lov om vaksenopplæring. Dei viktigaste arbeidsoppgåvene i 2001 var:

- informasjon og rettleiing til lokale og regionale studieleiarar
- utvikling av studieplanar og studiemateriell
- utgreiing om ny medlemskapsordning, med eventuell lovending
- oppstart av prosjekt i Nord-Trøndelag med mål å tilby kurs for innsette i fengsel
- drift av universitetsstudiet «Drakt og Samfunn»
- fellesprosjekt med tre andre studieforbund for å styrkja

den lokale læringsarenaen

- motivasjon og rettleiing gjennom prosjektet «frå studiering til fagbrev»

Folkekulturforbundet flytta kontorstad frå Oslo til Vågå i november. 3 453 kurs eller 103 796 timar opplæring vart gjennomførte i lokal- og fylkeslag i dei ti medlemsorganisasjonane. Dette utgjer ein auke på underkant av 1 prosent frå 2000. Noregs Mållag hadde 456 timar i 2001 mot 242 timar i 2000.

Styreleiar frå årsmøtet 2001 er Tove Gulsvik, Norges Husflidslag, og dagleg leiar Kjærsti Gangsø.

Norske Lagsbruk

www.lagsbruk.no

Føremålet til Norske Lagsbruk er å bidra til vitalisering av forretningsverksemd og lagshusdrift i rørsla ved å formidla økonomisk stønad, idear og spisskompetanse til lokale utviklingsprossar.

Det viktigaste arbeidet i 2001 har vore lokale utviklingsprosjekt i fleire ungdomslag og ein kampanje for å styrkja profilen til Kaffistova. Kampanjen har vore vellukka og fekk prisen som «Årets nytenker» frå marknadsføringsorganisasjonen HSMAI.

Det er 15 medlemmer i Norske Lagsbruk, medrekna Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag. Gjennom Noregs Ungdomslag er om lag 350 ungdomshus registrerte og kollektivt innmelde i organisasjonen. Årsbudsjettet er på om lag 2 mill, der om lag 70 prosent er offentleg stønad.

Lars Tyssen frå BUL Ervingen i Bergen er styreleiar og Nils Seland dagleg leiar og einaste tilsette.

Kringkastingsringen

www.kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media elles. I snart 50 år har Kringkastingsringen vore pådrivar for at medieverksemdene skal føra ein språkpolitikk som speglar språkmangfaldet i Noreg. Kringkastingsringen arbeider også for å påverka styresmaktene til å leggja forholda til rette for eit godt og mangfaldig språk i media. Arbeidsoppgåver:

- Kringkastingsringen held oversikt over språkbruken i media.
- Kringkastingsringen er høyringsinstans i mediespørsmål.
- Kringkastingsringen arrangerer kurs og seminar om mediespråk.
- Kringkastingsringen deler kvart år ut Kringkastingsprisen til ei røyst i eteren som utmerkar seg med godt språk i radio eller fjernsyn og som på ein framifrå måte brukar nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet.

Unn Aarrestad er styreleiar etter Jon Låte i mars 2002. Knut E. Karlsen er tilsett som dagleg leiar.

Det Norske Teatret

www.detnorsketeatret.no

Det Norske Teatret spela i 2001 i alt 916 framсыningar. Av desse var 227 på Hovudscenen, 160 på Scene 2, 81 i Prøvesalen, 14 laurdagsmatinear, 52 gjesteframсыningar i huset, 104 framсыningar på turné/oppسøkjande og 278 andre arrangement. Samla publikumstal var 188 890. Tilskotet frå staten til teaterdrifta var 95, 995 mill. kroner. Eigne inntekter 22,295 mill. kroner. Resultatrekneskapan syner eit overskot på 4,006 mill. kroner.

Ved utgangen av året hadde teatret 231 fast tilsette. Av desse var 35 deltidstillingar. Til saman utgjør dette 215 årsverk. Berge Furre er styreleiar ved teatret, Vidar Sandem teatersjef og Nina Lorentzen er direktør.



Frå «Don Juan» på Det Norske Teatret.

Det Norske Samlaget

www.samlaget.no

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag; Stiftinga Det Norske Samlaget. Hovudoppgåva for Litteraturselskapet er å leggja tilhøva til rette for nynorsk bokutgjeving. Selskapet gjev ut tidsskriftet Syn og Segn som er det største ålmennekulturelle tidsskriftet i Noreg. Tingar-talet i 2001 var 2704. Forlaget gjev òg ut Bymålslagets tidsskrift Maal og Minne.

Forlaget gav i 2001 ut 185 titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, og lærebøker til grunnskule, vidaregåande skule og høgare utdanning. 2000 vart eit godt år for forlaget. Driftsinntektene med alle tilskot vart 64,4 mill.kr, og årsresultatet etter skatt vart eit overskot på 1,7 mill.kr. Særleg viktig for resultatet var salet av skulebøker som gjekk over budsjettet. Til saman fekk forlaget 30 litterære prisar i inn- og utland, fleire enn nokon gong tidlegare.

Blåmann Barnebokklubb vart lansert i september 2001, med oppstartstilskot på til saman 1,7 mill. kroner over tre år på Kulturdepartementets budsjett. Bokklubben har samarbeidd med nynorskorganisasjonane, skular og bibliotek om medlemsverving, og har ved årsskiftet om lag 1 500 medlemmer.

Det har vore arbeidd mykje med spørsmål som følgjer av den reforhandla bransjeavtalen for bokomsetning. Samlaget

har lagt stor vekt på å arbeida for at det desentraliserte nettet med bokhandlarar vert halde oppe, og at bøker på nynorsk får gode nok sals- og distribusjonsvilkår. Endringane i bokbransjen gjer at Samlaget står overfor viktige strategiske val når det gjeld satsingsområde, storleik, organisering og distribusjon.

Ved årsskiftet 2001/2002 starta Selmer Bolig utbygginga av eigedomen til Samlaget i Trondheimsveien 15. Forlaget har difor flytta til mellombels lokale i Nydalen, med gateadresse Gjerdrumsvei 12A, 0486 Oslo. Her skal Samlaget vere til forlaget flyttar tilbake i egne, nye lokale i Trondheimsveien i juli 2003. Postadresse, telefon m.v. er uendra i mellomperioden.

Formann i styret for forlaget var Arve Thorvik og for Litteraturselskapet Kjellbjørg Lunde. Forlagssjef er Audun Heskestad.



Stiftinga Nynorsk Pressekontor

www.npk.no

Stiftinga Nynorsk Pressekontor (NPK) har sidan 1969 levert nyhende på nynorsk til radio og aviser.

I 2001 hadde NPK om lag 40 kundar og produserte rundt 5 500 saker. Kvar sak vert i gjennomsnitt brukt i fire aviser. NPK har no, etter at NRK uventa sa opp avtalen om stofflevering hausten 2001, berre aviskundar på tekstenesta.

NPK leverer også nynorskkrystord, har eiga biletteneste og er eit kompetansesenter for avisdrift. Salet av kompetansenester er vorte stadig viktigare for NPK.


Drifta i 2001 gjekk bra, men Stiftinga måtte dette året avskriva ein del tap på kundar og eit større tap på eit prosjekt for å byggja opp eit internettverk av norske lokalaviser. Året enda difor med eit stort underskot. Underskotet vil ikkje ha noko å seia for drifta i 2002.

Styreleiar i stiftinga har vore Roger Lockertsen, redaktør og dagleg leiar Asgeir Olden.

Nynorsk skulemål 1930-2001

1930 19,50 %	1954 26,20 %	1973 17,10 %	1991 16,90 %
1935 19,90 %	1955 25,30 %	1974 16,80 %	1992 *
1938 22,00 %	1956 24,30 %	1975 16,70 %	1993 *
1939 29,50 %	1957 23,90 %	1976 16,50 %	1994 *
1940 31,50 %	1958 23,50 %	1977 16,40 %	1995 16,60 %
1941 31,90 %	1959 23,30 %	1978 16,40 %	1996 16,10 %
1942 33,20 %	1960 22,70 %	1979 16,40 %	1997 16,10 %
1943 33,60 %	1962 21,50 %	1980 16,40 %	1998 15,60 %
1944 34,10 %	1963 21,10 %	1981 16,50 %	1999 15,30 %
1945 33,20 %	1964 20,50 %	1982 16,60 %	2000 15,00 %
1946 31,90 %	1965 20,40 %	1983 16,60 %	2001 14,90 %
1947 31,10 %	1966 19,40 %	1984 16,70 %	
1948 30,80 %	1967 19,20 %	1985 16,70 %	
1949 30,50 %	1968 19,10 %	1986 16,80 %	
1950 29,70 %	1969 18,40 %	1987 16,80 %	
1951 29,00 %	1970 17,90 %	1988 16,90 %	
1952 28,20 %	1971 17,50 %	1989 16,90 %	
1953 27,30 %	1972 17,30 %	1990 17,00 %	

* Merknad: For 1992, 1993 og 1994 ligg det ikkje føre rette tal. Det kjem av at statistikkføringa er endra etter at KUF tok over



Skulemålet i alle fylka 1999-2001

01.01.1999				01.09.2001				
LANDET	Elevtal:	582 203			Elevtal:	600 559		
	BM	NN	BM%	NN%	BM	NN	BM%	NN%
Fylke	493 589	88 614	84,78 %	15,22 %	511 292	89 267	85,1 %	14,9 %
